Fylkesmannen i Hordaland

# FORVALTINGSPLAN FOR

## Folgefonna nasjonalpark
## Bondhusdalen landskapsvernområde
## Ænesdalen landskapsvernområde
## Hattebergsdalen landskapsvernområde
## Buer landskapsvernområde



Versjon februar 2011

# Forvaltingsplan

# for

## Folgefonna nasjonalpark
## Bondhusdalen landskapsvernområde
## Ænesdalen landskapsvernområde
## Hattebergsdalen landskapsvernområde
## Buer landskapsvernområde

**Forvaltingsstyresmakta i Hordaland**

**2010**

# Forord

Forvaltingsstyresmakta i Hordaland har utarbeidd forvaltingsplan for dei fem verneområda på Folgefonnhalvøya, som omfattar ein nasjonalpark og fire landskapsvernområde, alle vedtekne ved kgl. res. 25. april 2005.

Forvaltingsplanen har vorten til gjennom ein prosess der mange lokale aktørar har medverka med synspunkt og innspel. Ei referansegruppe vart oppnemnd for å gje innspel og merknadar til planen. I referansegruppa har representantar frå grunneigarane, kommunane, kraftlag, reiseliv og naturvernorganisasjon vore med. Ei stor takk til referansegruppa for konstruktive innspel under planarbeidet.

Trine Hilstad var engasjert som prosjektleiar i perioden 2005-2006. Deretter har fleire tilsette ved miljøvernavdelinga hjå forvaltingsstyresmakta arbeidd vidare med planen fram til dette plandokumentet.

Forvaltingsplanen omfattar m.a. fleirbruksplanar (skogbruksplanar) for eigedomane i Ænesdalen landskapsvernområde. Desse er utarbeidde av Vestskog BA, ved Sigbjørn Hauge.

Forvaltingsplanen har vore til offentleg høyring og innkomne fråsegner er vurderte av Forvaltingsstyresmakta. Planen er send til Direktoratet for naturforvalting, som står for endeleg godkjenning av forvaltingsplanen.

24.11.2010

Forvaltingsstyresmakta i Hordaland

*Direktoratet for naturforvalting har vurdert planen for fagleg godkjenning, før han vart send på offentleg høyring.*

*Forvaltingsstyresmakta i Hordaland har vurdert innkomne fråsegner etter offentleg høyring og sendt planen til endeleg godkjenning i Direktoratet for naturforvalting.*

*Godkjent dato 24.11.2010*

*Direktoratet for naturforvalting*

# INNHALD

**1. INNLEIING ..... 1**

**2. VERNEOMRÅDA RUNDT FOLGEFONNA – VERNEVERDIAR OG BRUKARINTERESSER .... 2**
2.1. Naturforhold og verneverdiar 2
Landskap ..... 2
Geologi ..... 2
Kvartærgeologi ..... 3
Klima ..... 3
Vegetasjon ..... 3
Fauna ..... 3
Kulturminne og kulturmiljø ..... 4
2.2. Brukarinteresser 4
Jord- og skogbruk ..... 4
Jakt og fiske ..... 4
Friluftsliv og rekreasjon. Reiseliv ..... 4
2.3. Eigedomsforhold 5
2.4 Andre rettslege forhold 6

**3. FORVALTINGSPLANEN ..... 7**
3.1. Kvifor forvaltingsplan? 7
3.2. Arbeidet med forvaltingsplanen for Folgefonna 7
3.3. Planperiode 7
3.4. Planen sin struktur 7
3.5 Oppfølgjande tiltak 8

**4. NATURVERNET PÅ FOLGEFONNA ..... 9**
4.1. Verneformene 9
Lovheimel ..... 9
4.2. Verneføremålet 9
4.3. Verneforskrifter 10
4.4. Forholdet til anna lovverk 11
4.5. Forvalting og oppsyn 12
Sakshandsaming ..... 12
Brot på vilkår og vernereglar ..... 12
Rådgjevande utval ..... 13
Oppsyn ..... 13
4.6. Informasjon 14

**5. FOLGEFONNA NASJONALPARK ..... 16**
5.1. Verneføremål 16
5.2. Verneverdiar 16
Natur ..... 16
*Rammer og regelverk* ..... 16
Kulturminne og kulturmiljø ..... 17
*Rammer og regelverk* ..... 17
Bygningar og andre innretningar ..... 18
*Rammer og regelverk* ..... 18
5.3. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak 19
Jord- og skogbruk ..... 19
Friluftsliv og reiseliv/turisme ..... 20
Motorferdsel ..... 24
Drift og vedlikehald av tekniske anlegg ..... 27
Forsking og undervisning ..... 28

**6. BONDHUSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE ..... 29**
6.1. Verneføremål 29
6.2. Kort skildring av området 29

6.3. Rammer og regelverk 30
6.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak 30
Jord- og skogbruk ........ 30
Friluftsliv ........ 33
Reiseliv og turisme ........ 35
Drift og vedlikehald av tekniske anlegg ........ 37
Generelt om motorferdsel ........ 37

**7. ÆNESDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE ........ 38**
7.1. Verneføremål 38
7.2. Kort skildring av området 38
7.3. Rammer og regelverk 39
7.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak 39
Jord- og skogbruk ........ 39
Friluftsliv ........ 41
Reiseliv og turisme ........ 43
Generelt om motorferdsel ........ 43

**8. HATTEBERGSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE ........ 45**
8.1. Verneføremål 45
8.2. Kort skildring av området 45
8.3. Rammer og regelverk 46
8.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak 46
Jord- og skogbruk ........ 46
Friluftsliv og reiseliv/turisme ........ 49
Drift og vedlikehald av tekniske anlegg ........ 51
Generelt om motorferdsel ........ 52

**9. BUER LANDSKAPSVERNOMRÅDE ........ 53**
9.1. Verneføremål 53
9.2. Kort skildring av området 53
9.3. Rammer og regelverk 54
9.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak 54
Jord- og skogbruk ........ 54
Friluftsliv ........ 57
Reiseliv og turisme ........ 58
Drift av tekniske anlegg ........ 60
Generelt om motorferdsel ........ 60

**10. REFERANSAR ........ 62**

**11. VEDLEGG ........ 63**
Retningsliner for merking og stikking av stigar og løyper ........ 63
Fleirbruksplan skogsdrift i Ænesdalen landskapsvernområde ........ 66
Kart over INON område ........ 67
Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, Etne, Kvinnherad, Odda og Jondal kommunar og Ullensvang herad, Hordaland. ........ 68
Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland. ........ 71
Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland. ........ 74
Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland. ........ 76
Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde, Odda kommune, Hordaland. ........ 79

# 1. INNLEIING

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilliggjande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar dei fem kommunane Etne, Jondal, Kvinnherad, Odda og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km$^2$, og av dette utgjer nasjonalparken 545 km$^2$.

I St.meld. nr. 62 (1991-1992) vart det vist til at nasjonalpark og landskapsvernområde kunne vere aktuelle verneformer for delar av Folgefonnhalvøya. Arbeidet med sjølve verneplanen for området kom formelt i gang med eit oppstartsmøte i Mauranger 27. januar 1998. Storleiken på planområdet utløyste krav om konsekvensutgreiing, og denne var ferdig utarbeidd i 2003 (Forvaltingsstyresmakta i Hordaland 2003).

Etter at verneplanen og konsekvensutgreiinga hadde vore på lokal høyring sende forvaltingsstyresmakta eit revidert verneframlegg til sentrale styresmakter (Forvaltingsstyresmakta i Hordaland 2004).

Folgefonna nasjonalpark er den 25. nasjonalparken på fastlandet i Noreg, og er ved sida av Saltfjellet-Svartisen NP den einaste som femner om areal heilt frå breisen til fjorden.



*Dronning Sonja opnar nasjonalparken 14. mai 2005. Foto: Miljøverndepartementet*



*Isbreen ovanfor Buerdalen. Foto: Anniken Friis.*

# 2. VERNEOMRÅDA RUNDT FOLGEFONNA – VERNEVERDIAR OG BRUKARINTERESSER

## 2.1. Naturforhold og verneverdiar

Folgefonnhalvøya ligg i ein fjord- og fjellregion mellom Hardangerfjorden, Åkrafjorden og Sørfjorden. Den alp ine vegetasjonssona er den mest utbreidde og dominerande, og Folgefonna dekkjer ein stor del av dei fjellområda som ligg høgare. Fjellområdet på Folgefonnhalvøya representerer noko av det siste vi har att av villmarksprega natur i Hordaland (vedlegg 4).

### Landskap

Låglandet og dalføra på Folgefonnhalvøya høyrer med til den nasjonale landskapsregionen ”Indre bygder på Vestlandet” og fjellet til ”Breane” (Puschmann 2005). Landskapet i verneområdet er sterkt todelt i ein sentral del med breen og nokså avrunda og rolege fjellformer og ei randsone med bratte fjordlier og dalføre som skjer seg djupt ned mellom fjella. Ut mot kanten av fjellplatåa er dalføra i aukande grad glasialt utforma, med U-former i serie med hengjande dalar, hovuddalar og fjordar.

Landskapet nærast breen er sterkt prega av nærleik til isen. Fjellterrenget her er nesten vegetasjonslaust, og fargen på vatnet i mange av innsjøane og elvane i området viser at dei er sterkt påverka av brevatn. Fjellterrenget med kort avstand til fjorden gjev korte, bratte og til dels ville elvelaup.

Sjølve Folgefonna er delt i tre platåbrear. Søre Folgefonna på 168 km$^2$ er den største av dei, og er samstundes den tredje største isbreen i Noreg. Midtre Folgefonna dekkjer 11 km$^2$ og Nordre Folgefonna 26 km$^2$. Høgaste punktet på breen, 1662 moh., ligg på Søre Folgefonna, omlag midt mellom Buerdalen og Bondhusdalen.

Vassdraga er ein viktig del av naturen rundt Folgefonna. Avrenning frå isbreen gjer vassdragsnaturen i dalføra ned mot fjordane til viktige landskapselement gjennom heile året, men fleire av dei største vassdraga i området er regulerte i samband med vasskraftutbygging. Fem av dei større, attverande vassdraga er verna mot vasskraftutbygging, og verneområda på Folgefonnhalvøya omfattar storparten av desse nedbørsfelta. Dei verna vassdraga er Mosneselva i Etne, Hattebergsvassdraget, Æneselva og Furubergselva i Kvinnherad, og Buerelva i Odda, som er ein del av Opovassdraget.



*Lengst sør, ved Åkrafjorden, går nasjonalparken heilt til fjords. Her skjer Sandvikedalen seg djupt inn i landskapet opp mot breen. Foto: Anbjørn Høivik.*

### Geologi

Folgefonnhalvøya har ein interessant geologi. Nokre stader kan ein studere geologiske hendingar gjennom eit stort mangfald av bergartar på relativt små område, frå dei eldste til dei yngste bergartane i Noreg. På grunn av breaktiviteten ligg desse felta nokre stader i dagen, og dei mange geologiske

detaljane er lette å sjå.

I Rosendal er det etablert ein steinpark, med informasjon og utstilling av lokale bergartar.

## Kvartærgeologi

Også kvartærgeologisk har Folgefonna og områda rundt stor verdi. Undersøkingar tyder på at Folgefonna var heilt borte for 8000-5000 år sidan, og eit anna interessant fenomen er restar av opphavlege landformer som truleg aldri har vore dekte av is.

Største målte tjukne på isen på Folgefonna er 280 m, men på det meste er isen truleg mellom 300 og 400 m tjukk. Størst utbreiing etter istida hadde Folgefonna så seint som på 1890-talet, omlag 140 år seinare enn dei andre breane i Sør-Noreg, som var på sitt største rundt 1750 (Bakke J., Dahl S. O. & Diesen M. 2000).

Dei fleste landformene rundt Folgefonna er, naturleg nok, prega av aktiviteten til isen gjennom tidene. Dalføra rundt breen inneheld eit mangfald av landformer som fortel om historia til breen og korleis isen har forma landskapet. Døme på dette er randmorenar, terrassar, breelvdelta og ymse former danna i fast fjell, som jettegryter og smeltevasskanalar. Landskapet rundt bre og elvar endrar seg relativt raskt, og difor er dette eit landskap der ein òg kan studere aktive prosessar.

## Klima

Folgefonnhalvøya er prega av eit oseanisk klima med til dels mykje nedbør store delar av året. Elvane har høg vassføring gjennom storparten av året, både pga. nedbør og smelting av breen. Nærleiken til kysten er også årsaka til at Folgefonna utviklar seg noko annleis enn mange andre brear i Noreg. Breen har i periodar vakse som følgje av store nedbørsmengder om sommaren, medan andre isbrear har minka.

Kor mykje nedbør som kjem på toppen av Folgefonna er det ingen som har målt, men meteorologane har rekna seg fram til at årsnedbøren her oppe kan vere så høg som 5500 mm. Knapt nokon stad i landet kan ein vente meir enn dette. Årsaka til den høge nedbøren ligg i at fuktig luft frå havet vert pressa opp over breen og gjev frå seg nedbør når ho vert avkjølt. Om lag 70% av årsnedbøren på fonna kjem som snø.

## Vegetasjon

Verneområda omfattar fyrst og fremst bre- og fjellområde. Fjellområda har i stor grad ein artsfattig og nøysam flora, samanlikna m.a. med Hardangervidda. Dette kjem m.a. av at berggrunnen er dominert av harde og sure bergartar som gneis og granitt. Det finst likevel stader med godt jordsmonn og meir artsrik og kravfull flora. Dei mest artsrike områda ligg på austsida av Folgefonna, i hovudsak i Odda og Ullensvang.

Skog kjem inn i dei lågareliggande delane av området, m.a. i dei fire landskapsvernområda og i Sandvikedalen, Sandvedalen og Furebergsdalen. Bjørka dannar skoggrensa mot fjellet dei fleste stader. I Guddalen og Bondhusdalen er det mest lauvskog, m.a. gråoreskog, i Ænesdalen er det mest furuskog og i Buerdalen finn vi òg frodig edellauvskog.

Som dei fleste stader i regionen ber skogen på Folgefonnhalvøya preg av tidlegare tiders bruk, og skogen er jamt over nokså ung. Parti med gammal furuskog finst i Furebergsdalen, opp mot Rothaug og på vestsida av dalen opp mot Gygrastølsvatnet, men også denne skogen har nok til dels vorten utnytta, og han er difor ikkje spesielt prega av kontinuitet.

## Fauna

Faunaen på Folgefonnhalvøya er typisk for regionen. Fjellfaunaen er relativt artsfattig, og det største artsmangfaldet finn ein i skogen i dei bratte dalsidene som for det meste ligg utanfor verneområdet. Til dømes er det ikkje villreinbestand på Folgefonnhalvøya, ein art som er vanleg i fleire andre

store verneområde. Skogen i dalsidene har eit artsmangfald som er representativt for slike skogar på Vestlandet, men i liene langs vestsida av Sørfjorden er det registrert ein uvanleg tett bestand av kvitryggspett.

### Kulturminne og kulturmiljø

Det har vore fast busetnad i dalføra rundt Folgefonna frå førhistorisk tid. Mange av dalføra har spor etter støling og ulike former for ressursutnytting gjennom fleire tusen år. Dei fleste kjende fornminna ligg i låglandet, utanfor verneområda, men den seinare tida er det gjort undersøkingar som tyder på at talet på fornminne i fjellet er høgare enn det som er kjent tidlegare.

Verneområda inneheld òg kulturminne frå nyare tid, m.a. hytter og sel knytte til stølsområda. Fleire stølshus er restaurerte og utvida, og mange nye hytter er reiste på murane av gamle sel. Ein finn òg fleire gamle ferdselsruter og stølsvegar i området.



*Det ligg fleire gamle stølar i verneområda på Folgefonnhalvøya. Her frå Bjørndal i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Foto: Anbjørn Høivik.*

## 2.2. Brukarinteresser

### Jord- og skogbruk

Dagens landbruksaktivitet innanfor verneområda dreiar seg om beitebruk og noko skogbruk, fyrst og fremst vedhogst. Beitedyra i området er for det meste sau, men det går òg litt storfe og hest i området. I Ænesdalen vert det òg teke ut tømmer, og her er det laga ein fleirbruksplan for skogsdrift i samband med arbeidet med forvaltingsplanen.

Dei fleste stølshus og fritidshytter i området er det grunneigarar eller andre med lokal tilknyting til staden som eig. Hyttene vert nytta ved tilsyn av beitedyr og i samband med jakt og fiske og friluftsliv.

### Jakt og fiske

Inne i verneområdet er jakt og fiske regulert gjennom viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. I ferskvatn er det i utgangspunktet grunneigar som har retten til fiske. Det er få produktive innsjøar i låglandet, så sportsfiske på Folgefonnhalvøya er såleis mest interessant i vassdrag med laks og sjøaure og i enkelte fjellvatn. Fisket er særleg aktivt der det er lett tilkomst ved veg, som i Maurangerområdet og Myrdalsvatnet i Rosendal.

Ovanfor marin grense er auren ein introdusert art. Ein har opp gjennom åra sett ut fisk i stor skala, og i dag finst det aure i dei fleste av vatna i høgfjellet på Folgefonnhalvøya. I somme regulerte magasin set Statkraft ut fisk kvart år.

Det er høve til småviltjakt på Folgefonnhalvøya, men det er varierande organisering av utleige og jaktkortsal. Den viktigaste jaktressursen i området er likevel hjorten. Særleg Kvinnherad er kjend for å ha ein stor hjortebestand, men også i dei andre kommunane er hjortejakta viktig. I Odda er det òg noko elgjakt og i Etne både elg- og rådyrjakt i tillegg til hjortejakta.

### Friluftsliv og rekreasjon. Reiseliv

Folgefonnområdet er kjent for den vakre naturen sin. Med fjordar, fossar, fjell og brearmar er Folgefonna eit viktig reisemål. Ein finn mange gamle ferdselsruter og stølsvegar. Nokre av desse ferdselsrutene gjekk over Folgefonna. I nord gjekk ei viktig rute frå Jondal opp Krossdalen og over fjellet til Bleie. Ei anna rute over Folgefonna gjekk frå Austrepollen, gjennom Hardingaskaret, søraust over breen og ned til Odda.

Organisert turisttrafikk starta i 1833 med føring frå Sunndal via Gardshamar til Tokheim i Odda. Turistane gjekk til fots, og vart

ein periode frakta med hest og slede over breen. Dei fleste gamle rutene vert framleis nytta, men i dag i samband med friluftsliv. Fotturistar nyttar heile Folgefonnhalvøya, og turlag og breførarlag arrangerar ski- og fotturar, brekurs og kurs i isklatring. På Nordfonna ligg alpinsenteret Folgefonn Sommarskisenter, med skitrekk og varmestove. I Blådalen ligg Fjellhaugen skisenter med turløype og skitrekk. Det ligg fire turlagshytter i området: Sauabrehytta, Fonnabu, Holmaskjer og Breidablikk. Hyttene er opne heile året, men vert i hovudsak nytta i tidsrommet april til oktober.



*Turlagshytta Holmaskjær. Foto: Statens naturoppsyn*



*Breførarlag arrangerar ski- og fotturar, brekurs og kurs i isklatring. Foto: Anniken Friis*

## 2.3. Eigedomsforhold

Verneområda rundt Folgefonna omfattar nærmare 300 private eigendommar. I nasjonalparken er 44 % av arealet statsallmenning medan 56 % er privateigd (tabell 1). Samanlikna med andre nasjonalparkar i Noreg er prosentdelen privat grunn høg, og berre Hardangervidda nasjonalpark med 52 % privat grunn, kjem opp mot privatdelen på Folgefonna. I dei fire landskapsvernområda ligg alt arealet på privat grunn.
Sjølve breane på Folgefonnhalvøya er i hovudsak statsallmenning. Ettersom det ikkje er etablert fjellstyre for denne statsallmenningen, vert både eigar- og brukarinteressene forvalta av Statskog SF.

Eit vernevedtak endrar ikkje på eigedoms- og rettsforholda, men det kan endre innhaldet i og karakteren av bruks- og eigedomsretten gjennom restriksjonar som vert gjevne på bruk og fysiske tiltak. Dersom det ikkje går fram av verneforskrifta, vert ikkje grunneigaren sine rettar og plikter endra. Grunneigaren kan nekte tiltak og inngrep på eigen eigedom i tråd med gjeldande lovverk. Dette er eit privatrettsleg forhold. Også forvaltingsstyresmakta kan nekte inngrep og tiltak på privat grunn i verneområda, dersom inngrepet eller tiltaket er i strid med verneforskrifta.

I samband med verneplanarbeidet er det utarbeidd eit adresseregister for eigedomane som vernet omfattar. Dette bør oppdaterast årleg, gjennom ajourføring med eigedomsregisteret ved jordskiftekontora.

## Eigedomsforhold

**Tabell 1**: Eigedomsforhold i verneområda. Areala er rekna ut frå kartgrunnlag N50. Areal er oppgjeve i km². (NP: Nasjonalpark, LVO: Landskapsvernområde).

| | Folgefonna NP | Bondhusdalen LVO | Ænesdalen LVO | Hattebergsdalen LVO | Buer LVO | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Etne kommune** | 112,5 | - | - | - | - | 112,5 |
| Statsalm. | 44,5 | - | - | - | - | 44,5 |
| Privat | 68,0 | - | - | - | - | 68,0 |
| **Kvinnherad kommune** | 279,5 | 14,0 | 3,4 | 15,4 | - | 312,3 |
| Statsalm. | 121,0 | - | - | - | - | 121,0 |
| Privat | 158,5 | 14,0 | 3,4 | 15,4 | - | 191,3 |
| **Jondal kommune** | 1,2 | - | - | - | - | 1,2 |
| Statsalm. | 1,2 | - | - | - | - | 1,2 |
| Privat | 0,0 | - | - | - | - | 0 |
| **Odda kommune** | 129,6 | - | - | - | 21,3 | 150,9 |
| Statsalm. | 63,3 | - | - | - | | 63,3 |
| Privat | 66,3 | - | - | - | 21,3 | 87,6 |
| **Ullensvang herad** | 22,5 | - | - | - | - | 22,5 |
| Statsalm. | 11,0 | - | - | - | - | 11,0 |
| Privat | 11,5 | - | - | - | - | 11,5 |
| **Totalt** | 545,2 | 14,0 | 3,4 | 15,4 | 21,3 | 599,3 |
| Statsalm. (km²) | 241,1 | - | - | - | - | 241,1 |
| Privat (km²) | 304,2 | 14,0 | 3,4 | 15,4 | 21,3 | 358,4 |
| Statsalm. (%) | 44,2 | - | - | - | - | 40,2 |
| Privat (%) | 55,8 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 59,8 |

## 2.4 Andre rettslege forhold

Vassdragsregulantar og kraftlinjeeigarar har rettar knytte til eigne anlegg i området gjennom konsesjonar.

Politiet kan i medhald av si generalfullmakt setje til side vernereglane av omsyn til liv og helse. Andre aktørar (hjelpekorps, redningsteneste mm.) kan berre gjere dette etter politiet si avgjerd. Alminnelege naudrett gjeld jf. Straffelova § 47.

Om tiltak eller verksemd like utanfor verneområda vil påverke verneverdiane, skal omsyn til verneverdiane vurderast før ein fattar vedtak etter anna lov.

Omsynssoner utanfor vernegrensa må eventuelt inn i arealplanar (kommuneplanar), jf. plan og bygningslov.

LNFR-omsynssona er eit nytt planverktøy som kommunane kan nytte i slike saker. Dette inneber at stat og kommune må samarbeide, i og med at føresegnene til slike omsynssoner berre kan innførast samtidig med at ny verneforskrift vert fastsett eller ved revisjon av slik forskrift, eventuelt samtidig med ny forvaltingsplan eller revisjon av slik plan. Kor stort areal ei slik omsynssone skal ha må vurderast i kvar enkelt sak.

# 3. FORVALTINGSPLANEN

## 3.1. Kvifor forvaltingsplan?

Eit viktig føremål med å utarbeide forvaltingsplanar er å gje ei presisering av verneреglane. Forvaltingsplanen skal vere ein praktisk reiskap som formidlar mål og tiltak i samsvar med verneføremålet. Planen skal difor gje retningsliner for dispensasjonspraksis og forvaltingsskjøn, med detaljerte og konkrete retningsliner om tema som bruk, skjøtsel, tilrettelegging og informasjon.

Verneреglane utgjer ramma for forvaltingsplanen. Forvaltingsplanen kan såleis ikkje påleggje regulering av råderetten ut over det som er heimla i lov eller forskrift, og det kan heller ikkje gjevast løyve til aktivitetar som går ut over desse reglane. Ein forvaltingsplan er ikkje juridisk bindande slik verneреglane er. Like fullt gjev ein forvaltingsplan klåre føringar for forvaltinga. Og der forskriftene viser til nærmare retningsliner i ein forvaltingsplan, vert forvaltingsplanen ein integrert del av forskriftene, og dermed juridisk bindande.

## 3.2. Arbeidet med forvaltingsplanen for Folgefonna

I arbeidet med forvaltingsplanen har Forvaltingsstyresmakta lagt vekt på medverknad frå ulike brukar- og interessegrupper.

Kunngjering om oppstart av arbeidet vart send ut i oktober 2005. Melding vart samstundes send til kommunane og til lag og organisasjonar som deltok i verneplanarbeidet. Det vart òg kunngjort i lokalavisene og lagt ut informasjonen på Forvaltingsstyresmakta si internettside.

Det vart etablert ei referansegruppe, med representasjon frå kommunane og lag og organisasjonar frå regionalt og lokalt nivå. Referansegruppa hadde tre møte i tida fram til utkastet til forvaltingsplanen vart sendt på høyring.

Det har vorte halde informasjonsmøte med grunneigarane i alle landskapsvernområda. Det har òg vorte halde eit møte i Jondal med representantar frå Jondal kommune, Folgefonn Sommarskisenter og Folgefonnni Breførarlag. Etter ynske frå kraftlaga har det òg vore møte med Kvinnherad Energi AS, Sunnhordland Kraftlag og Statkraft SF.

Utkast til forvaltingsplan vart sendt til høyring i november 2009. Frist for fråsegn vart utsett til 28.2.10. Forvaltingsstyresmakta har deretter vurdert innkomne merknadar og sendt planen over til Direktoratet for naturforvalting for endeleg godkjenning. Planen vart gjort gjeldande frå 24.11.2010.

Planen skal reviderast når det trengst. Kor ofte dette vil skje vert styrt av løyvingar frå sentrale styresmakter. I denne fyrste forvaltingsplanen er det lagt vekt på tiltak som bør skje i tidleg fase av vernet, men den langsiktige forvaltinga av verneområda vil ha ein mykje lengre tidshorisont.
Gjeldande plan skal vere tilgjengeleg på nettsida til Forvaltingsstyresmakta.

## 3.3. Planperiode

Folgefonna nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde skal forvaltast ut frå ein lang tidshorisont. Forvaltingsplanen vil ha ein relativt kort verkeperiode, og vil vere gjeldande til han vert revidert. Ein tek sikte på at han vil rullerast fyrste gong innan 10 år.

## 3.4. Planen sin struktur

Forvaltingsplanen for *nasjonalparken,* og forvaltingsplanane for dei fire *landskapsvernområda* er delte i eigne delar/kapittel. Det er ofte samanfallande eller likelydande tekst/retningsliner i planane for verneområda. Dette er gjort for at kapitla skal vere mest mogleg utfyllande for kvart enkelt verneområde. Likevel er kapitlet om nasjonalparken somme stader noko meir utfyllande enn kapitla for landskapsvernområda. Difor

vil det nokre stader vere tilvisingar til dette kapitlet i teksten som handlar om landskapsvernområda.

Forvaltingsplanen er bygd opp etter tema (landbruk, friluftsliv osb). *Mål og utfordringar* for kvart tema er formulerte ut frå eksisterande kunnskapsgrunnlag, og kan omfatte både kortsiktige og langsiktige mål. Til dagleg, praktisk bruk vil *retningslinene* vere viktigast. Desse viser prinsipp og vurderingar som skal vere førande for forvaltinga. Retningslinene omfattar både tiltak som har heimel direkte i verneforskrifta og tiltak som forvaltingsstyresmakta kan gje løve til.

## 3.5 Oppfølgjande tiltak

Under *oppfølgjande tiltak* er det lista opp aktuelle oppgåver som forvaltingsstyresmakta eller andre skal følgje opp i planperioden. Prioriteringa mellom desse er ikkje fast, men vil verte gjort fortløpande i samband med årsplanlegging.

**Mål for forvalting av verneområda**
Det overordna målet for forvalting av verneområda er å ta vare på verneverdiane. Best mogleg forvalting kan ein oppnå ved å definere og bruke forvaltingsmål og *bevaringsmål* - som er meir konkrete enn det overordna verneføremålet. Bruk av *bevaringsmål* som verktøy i naturforvaltinga er under utvikling.



*Restaurering av eldre styvingstre kan vere eit aktuelt tiltak. Foto: Anniken Friis*

*Bevaringsmål* definerer den tilstanden ein ynskjer ein naturkvalitet skal ha, og dei skal kunne målast. Det vil seie presisering gjennom måltal for areal, naudsynte strukturar/ prosessar og/eller førekomst eller fråvær av bestemte artar. Det er viktig at bevaringsmålet ikkje stiller for store eller urealistiske krav til innsats i felt og målemetode.

For Folgefonna og dei tilgrensande områda bør det utarbeidast forvaltingsmål og bevaringsmål, jf. differensiert forvalting. Ved å innarbeide slike mål i planen vil ein rette fokus mot viktige naturtypar, dyre- og planteartar som er sårbare for eksempel overfor ferdsel, og som ein ynskjer å ta vare på. Bevaringsmåla skal følgjast opp og gjere det lettare for forvaltinga å registrere eventuelle endringar i naturkvalitetane. Forvaltingsstyresmakta bør snarast råd ta til med dette arbeidet.




*Informasjonskilt er eit aktuelt tiltak, her frå Buer landskapsvernområde. Foto: Anniken Friis*

# 4. NATURVERNET PÅ FOLGEFONNA

## 4.1. Verneformene

Per 31.12.2009 er 15,7 % av landarealet i Noreg verna. 9,1 % er verna som nasjonalparkar, 5,0 % er landskapsvernområde og 1,5 % er naturreservat. Verneformene som er nytta rundt Folgefonna er nasjonalpark og landskapsvernområde.

### Lovheimel

Oppretting av nasjonalparken og dei fire landskapsvernområda vart vedtekne ved kgl. res. 25. april 2005. Heimelen for vedtaket om vern var den tid gjeldande *Lov om naturvern* (naturvernlova). Gjeldande verneføresegn er heimla i *naturvernlova.*

*Lov om forvalting av naturens mangfold* (naturmangfaldlova) vart gjort gjeldande frå 1.7.2009. Forvaltingsplanen er likevel basert på gjeldande verneføresegn som er heimla i *naturvernlova.*

Nedanfor vert dagens lovheimel ved oppretting av nye verneområde omtala. Omtalen av verneformene med heimel i ny *naturmangfaldlov* er i grove trekk likt som for tidlegare *naturvernlov.*

### Nasjonalparkar

*Naturmangfaldlova* heimlar oppretting av nye nasjonalparkar, jf. § 35. Som nasjonalpark kan det vernast større naturvernområde som inneheld særeigne eller representative økosystem eller landskap og som er utan tyngre naturinngrep. I nasjonalparkar skal det ikkje vere nokon varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne, med mindre slik påverking er ein føresetnad for å sikre verneføremålet. Føresegna skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske førekomstar og kulturminne mot utbygging, anlegg, forureining og annen aktivitet som kan skade føremålet med vernet, og sikre ei uforstyrra oppleving av naturen.

Ferdsle til fots i samsvar med friluftslovas reglar er tillate. Slik ferdsle kan berre avgrensast eller verte forboden i avgrensa område i ein nasjonalpark, og berre dersom det er naudsynt for å bevare planter eller dyr, kulturminne eller geologiske førekomstar.

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep er viktig og skal handhevast strengt ved eventuelle søknader om dispensasjon. Motorferdsle skal haldast på eit minimum. Sikring av område for friluftsliv og naturoppleving er eit viktig delmotiv for å opprette store verneområde. Tradisjonell landbruksdrift vil som hovudregel kunne gå føre seg som før.

### Landskapsvernområde

Oppretting av nye landskapsvernområde vil ha heimel i *naturmangfaldlova,* jf § 36. Som landskapsvernområde kan vernast natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevingsverdi, eller som er identitetsskapande. Til landskap reknar ein også kulturminne som medverkar til eigenarten ved landskapet. I landskapsvernområde må det ikkje setjast i verk tiltak som kan endre særpreget eller karakteren til det verna landskapet vesentleg. Pågåande verksemd kan halde fram og utviklast så lenge verksemda ikkje svekkjer verneverdiane i landskapsvernområda. Nye tiltak skal tilpassast landskapet. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området.

## 4.2. Verneføremålet

Verneføremålet er nærmare spesifisert i § 2 i vernereglane for kvart av verneområda. Verneføremålet varierer litt i korleis teksten er utforma, men intensjonen er i hovudsak den same.

Verneføremålet legg særleg vekt på å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde, med vekt på å sikre viktige geologiske førekomstar, område for biologisk mangfald, verdfull vassdragsnatur og verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

For *nasjonalparken* sin del er det særleg viktig å ta vare på det tilnærma urørte preget i naturen. I *landskapsvernområda* vert det lagt meir vekt på landskapsestetikk, ettersom desse områda generelt sett er sterkare kulturpåverka. Vernereglane for eit landskapsvernområde opnar ofte for meir aktiv bruk enn det som er akseptert i område verna som nasjonalpark eller naturreservat, men verneføremålet er ofte ikkje så ulikt. Forvalting av landskapsvernområda vil såleis ofte vere retta mot tiltak som skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv og anna ferdsel.

Friluftslivet har ein sentral plass i norske nasjonalparkar. Slik er det òg for verneområda på Folgefonnhalvøya. Det betyr at allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom naturvenleg og enkelt friluftsliv, utan særleg teknisk tilrettelegging. Dersom nye former for friluftsliv viser seg å leggje stort press på området, bør dette diskuterast i reviderte utgåver av forvaltingsplanen.

Eit vernevedtak etter naturmangfaldlova vil til vanleg vere eit kompromiss mellom vern og bruk. Vidare bruk av områda er akseptabelt så lenge det ikkje bryt med verneføremålet eller på andre måtar er i strid med vernereglane. Ein hovudregel er at verneaspektet skal ha prioritet der det er motstrid mellom vern og bruk. Retningslinene og prioriteringane som kjem til uttrykk i forvaltingsplanen er sentrale for å oppnå smidige avklåringar i slike spørsmål.

## 4.3. Verneforskrifter

Kvart enkelt av dei fem verneområda har sine eigne verneforskrifter. Desse er bygde opp på same måten, og skilnaden mellom dei ligg berre i enkelte detaljar. M.a. vert det vist til "vernereglane" for dei enkelte områda. Med dette meiner ein § 3 i den enkelte forskrifta. § 3 gjev ei detaljert og tematisk opplisting av kva som er forbode, kva som er tillate og kva ein kan få løyve til etter søknad.

All verksemd må vurderast i forhold til forskrifta for det aktuelle området. Alle vedtak forvaltingsstyresmaktene gjer skal vere heimla i forskrifta. Forvaltingsplanen er ei rettleiing for bruken av forskriftene, og gjev retningsliner, men ikkje eigne reglar. Der forskriftene viser til nærmare retningsliner i forvaltingsplan, vert forvaltingsplanen ein integrert del av forskriftene, og dermed juridisk bindande. Jf. kap. 3.1.

Når det gjeld tolking av vernereglane viser ein til rundskriv frå Direktoratet for naturforvalting av november 2001, revidert februar 2010, om forvalting av verneforskrifter.




*Verneforskrifter og grenser for nasjonalparken og dei fire landskapsvernområda.*

Under følgjer ei orientering om korleis verneforskriftene er bygde opp, og ei generell oppsummering av kva dei ulike paragrafane inneheld.

***§ 1 Avgrensing***
Paragrafen gjev oversikt over kommunar, eigedomar og areal planen vedkjem. Gren-

sene er gjevne ved å vise til kart som er vedlagt forskrifta. Det er inga detaljert skildring/framstilling av områdegrensene i desse forskriftene - kartet er den offisielle grenseskildringa .

***§ 2 Føremål***

Føremålsparagrafen seier kva verdiar og interesser vernet skal ta vare på. Paragrafen er viktig ved tolking av vernereglane, særleg ved avgjerder i skjønsspørsmål. Ved avgjerder etter § 4 (erstatta av § 48 i naturmangfaldlova), vil § 2 alltid verte lagt til grunn. Eit grunnleggjande prinsipp ved bruk av skjøn er at tiltak som kan skade føremålet med vernet ikkje skal tillatast.

***§ 3 Vernereglar***

Vernereglane er tematisk ordna. Under kvart tema er det lista opp ei rekkje tiltak, med denne tredelinga:

- Kva som er forbode.
- Kva som er unnateke frå forbodet (tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan søknad).
- Kva forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Løyve skal alltid vurderast i forhold til verneføremålet, jf. § 2.

Det er fyrst og fremst § 3 som er viktig i den daglege bruken og forvaltinga av verneområdet.

***§ 4 Generelle dispensasjonsreglar***

Naturmangfaldlova § 48 er ei ny generell dispensasjonsføresegn som også får noko å seie for verneforskrifter etter naturvernlova. Dette fører til at generelle dispensasjonsreglar i verneforskrifta, § 4, etter naturvernlova er sette ut av kraft. Dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta, jf. § 3, gjeld framleis. Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon, om det ikkje er i strid med verneføremålet (§2) og det ikkje kan påverke verneverdiane vesentleg. Det kan også gjevast dispensasjon dersom tryggleiksomsyn eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Forvaltinga må vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om andre kan tenkje å søkje dispensasjon på same grunnlaget. Tiltaket må ikkje stride mot verneføremålet eller gje presedens som på sikt kan skade verneinteressene.

***§ 5 Forvaltingsplan***

Paragrafen seier at forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet og at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for området. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvalting.

***§ 6 Forvaltingsmynde***

Direktoratet for naturforvalting fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

***§ 7 Rådgjevande utval***

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for verneområdet.

For dei fem verneområda på og rundt Folgefonna vil det vere mest aktuelt å opprette eit felles utval for alle verneområda.

***§ 8 Iverksetjing***

Forskrifta vert sett i verk straks, dvs. frå 29. april 2005.

## 4.4. Forholdet til anna lovverk

Reglane i verneforskriftene gjeld over anna lovverk dersom forskrifta ikkje seier noko anna. Forhold som ikkje er regulerte i forskriftene vert regulerte av gjeldande lovverk. Anna lovverk vil framleis vere gjeldande, men med dei eventuelle avgrensingane verneforskrifta gjev. Anna relevant regelverk er:

- Naturmangfaldlova.
- Lov om lakse- og innlandsfiske og viltlova, som gjev reglar for jakt og fiske.
- Lov om motorferdsel i utmark, som regulerer bruk av motorisert kjøretøy.
- Plan- og bygningslova, som gjev reglar for arealbruk, byggtekniske forhold m.m.

- Kulturminnelova, som m.a. gjev verkemiddel for å bevare kulturminne.
- Forureiningslova og brannvernlova, som gjev pålegg i samband med tiltak.
- Fjellova og lov om bygdeallmenningar, som regulerer bruken av høvesvis stats- og bygdeallmenningar.¨
- Friluftslova.

Ved motstrid mellom føresegner vil forskrifter gjevne med heimel i naturvern- eller naturmangfaldlova normalt gå føre andre lover eller forskrifter. Normalt vil verneforskriftene ha strengare føresegn om bruk og tiltak enn det som gjeld etter anna lovverk.

## 4.5. Forvalting og oppsyn

Direktoratet for naturforvalting har bestemt at forvaltinga av verneområda på Folgefonnhalvøya skal liggje hos Forvaltingsstyresmakta i Hordaland. Direktoratet for naturforvalting er overordna fagorgan og klageinstans.

**Lokal forvalting**

Regjeringa vedtok hausten 2009 at nasjonalparkar og store verneområde skal forvaltast lokalt gjennom eit interkommunalt, politisk samansett nasjonalpark-/verneområdestyre. Det skal vere ein representant frå kvar av kommunane i tillegg til ein frå fylkeskommunen(ane). Styret skal sørgje for ei heilskapleg og kontinuerleg forvalting på tvers av administrative grenser og innanfor rammene av naturmangfaldlova og verneforskrifta for det einskilde verneområdet. Dei fem kommunane har fått tilbod om å delta i nasjonalparkstyre for Folgefonna. Om det vert lokal forvalting skal ein nasjonalparkforvaltar tilsetjast som sekretær for nasjonalparkstyret.

**Sakshandsaming**

Ein rår til at alle søknader som gjeld tiltak eller aktivitet i verneområda vert sende til Forvaltingsstyresmakta i Hordaland, som igjen sender søknadene vidare til kommunen for behandling etter anna lovverk, t.d. plan- og bygningslova og motorferdselslova, dersom dette er naudsynt.

For å gjere søknadsprosedyren så enkel og standardisert som mogleg, tek ein sikte på å leggje ut søknadsskjema på heimesida til forvaltingsstyresmakta.

**Brot på vilkår og vernereglar**

Alminnelege forvaltingsrettslege reglar tilseier at forvaltingsstyresmakta kan stille vilkår til eit løyve eller ein dispensasjon. Ved løyve til ymse aktivitetar eller tiltak i verneområde vert det ofte sett vilkår for å ta vare på verneføremåla. I nokre tilfelle har retningslinene i forvaltingsplanen forslag til vilkår, men forvaltingsstyresmakta må alltid vurdere om det skal stillast vilkår for å ta hand om vernereglane.

Ved brot på vernereglane eller vilkår gjevne i dispensasjon/løyve, følgjer ein alminnelege forvaltingsrettslege reglar. Dette inneber at den forvaltingsinstansen som har gjort vedtak, har høve til å tilbakekalle og eventuelt omgjere vedtaket. Slik vurdering bør alltid gjerast når forvaltingsstyresmakta får kjennskap til brot. Brot på vilkår vil òg kunne få konsekvensar ved behandling av eventuelle nye søknader. Det er viktig at Statens naturoppsyn og politi, straks ein har fått kjennskap til det, orienterer forvaltingsstyresmakta om brot på vernereglar eller vilkår.

***Retningsliner***

- Forvaltingsstyresmakta kan setje tidsfristar for innsending av søknader om motorferdsel og tilbakemelding i form av køyrebok.
- I saker som krev vurdering av verneinteresser opp mot brukarinteresser, skal det så langt som råd nyttast aktuell fagkompetanse for å vurdere dei ulike interessene mot kvarandre.
- Forvaltingsstyresmakta har ein årleg "bestillingsdialog" med Statens naturoppsyn (SNO) der ein legg fram budsjettforslag for aktuelle tiltak og planar for komande år. Forvaltingsstyresmakta bør òg utarbeide ein meir langsiktig plan for forvaltinga, som skisserer tiltak som skal følgjast opp på noko lengre sikt, slik som opplæring og orienteringssamlingar.
- Det bør utarbeidast årsmelding med statistikk og annan informasjon, for å gje ei samla oversikt over ymse sider ved forvaltinga av verneområda. Dette for betre å kunne vurdere i kva grad ein har oppfylt verneføremålet. Statens naturoppsyn (SNO) skal gje bidrag til slik årsmelding.

**Rådgjevande utval**

I samsvar med § 7 i verneforskrifta og eventuell ny lokal forvaltingsmodell, kan forvaltingsstyresmakta opprette eit felles rådgjevande utval for verneområda rundt Folgefonna. Utvalet vil ikkje ha formell myndigheit etter verneforskrifta. Utvalet skal gje råd i viktige saker som vedkjem forvaltinga av verneområda, og m.a. drøfte korleis ein kan få god balanse mellom vern og bruk.

**Oppsyn**

Statens naturoppsyn (SNO) vart oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.6.1996. Denne lova gjev heimel til eit samla naturoppsyn innanfor særlovene: Naturvernlova, friluftslova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, motorferdsellova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. Det er tilsett oppsynsmann i heilårsstilling som har primæransvar for oppsyn med Folgefonna og andre verneområde i Sunnhordland. Oppsynsmannen har kontorstad i Rådhuset i Rosendal.

Viktige oppgåver for naturoppsynet er:

- *Kontakt med forvaltingsstyresmaktene, lokalsamfunnet og brukargrupper*. SNO må ha gode rutinar (m.a. rapporteringsrutinar) for kontakt med forvaltingsstyresmakta som forvaltingsstyresmakt, slik at ansvarleg styresmakt er oppdatert om tilstanden i verneområda. Det er òg viktig med god dialog med lokalsamfunn, grunneigarar og andre brukargrupper.
- *Rettleiing og informasjon*. SNO skal spele ei aktiv rolle i samband med rettleiing og informasjon til brukarane av verneområda kring Folgefonna. Informasjon skal skje i samråd med Forvaltingsstyresmakta, kommunane, nasjonalparksenteret og Direktoratet for naturforvalting.
- *Overvaking og kontroll med at gjeldande lover og reglar vert følgde*. Handheving av vernereglane er mellom dei mest sentrale oppgåvene når naturoppsynet er på feltoppdrag. Det vert òg utført kontrollar med tanke på andre lover og forskrifter innanfor ansvarsområdet til SNO.
- *Skjøtsel og renovasjon*. Skjøtselstiltak kan omfatte reparasjon av skade på naturen, som kjem av menneskeleg aktivitet, men er fyrst og fremst aktive tiltak som vert gjennomførte jamleg (årleg) for å oppretthalde naturtilstanden. Skjøtselstiltak kan òg gjelde kulturminne og kulturlandskap. Skjøtselstiltak skal planleggjast og gjennomførast ved eit nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmaktene, rettshavarar og brukarar. SNO kan ha leiaransvar for slike tiltak.

  Renovasjon og avfallsbehandling er eit kommunalt ansvar. SNO skal sjå til at avfall vert fjerna, men vil normalt ikkje ha ressursar til å utføre sjølve renovasjonsarbeidet. Alle aktørar som opererer inne i verneområdet, til dømes turistverksemder, turistforeiningar og grunneigarar, har ansvar for å fjerne eige avfall.

- *Generell overvaking av naturmiljø og kulturminne*. God forvalting av verneområda føreset ei aktiv overvaking av naturmiljø og kulturminne. SNO skal vere med og planleggje og gjennomføre registrering og overvaking av naturmiljø og kulturminne i verneområda.



*Statens naturoppsyn og politiet har snøscooterkontroll i nasjonalparken. Foto: Statens naturoppsyn*

- *Registreringar*. SNO skal vere kvalifisert for å ta på seg feltoppdrag for andre institusjonar (registrere plante- og dyreartar, hente inn materiale for undersøking eller analyse, lese loggar osb.) Slike oppdrag skal i størst mogleg grad gjerast i samband med andre oppdrag for å halde eventuell motorferdsel på lågast mogleg nivå.
- *Merking og vedlikehald av grensemerke*. Etter at grensene er merkte, skal merka kontrollerast og skiftast når det trengst.
- *Tilrettelegging*. SNO bør vere med på råd når det gjeld planlegging av tiltak for informasjon og tilrettelegging, og vere med i arbeidet med å gjennomføra dei. Dette kan vere tiltak som å setje opp tavler ved innfallsportar og plakatar ved turisthytter og andre knutepunkt. Oppsynet bør òg kontrollere at stikking av skiløyper og merking av turstigar er i tråd med gjeldande retningsliner.
- *Faglege tilrådingar*. SNO skal formidle kunnskapen om lokale tilhøve til forvaltingsstyresmakta, slik at forvaltinga får nødvendig grunnlag for saksvedtaka sine.
- *Oppfølging av tiltak*. SNO skal vere kjent med alle løyve som vert gjevne etter verneforskrifta. Oppsynet skal føre kontroll med at eventuelle vilkår knytte til løyve vert følgde.

## 4.6. Informasjon

Forvaltingsstyresmakta har eit særskilt informasjonsansvar og må sørgje for å informere om verneforskrifter og forvaltingspraksis til aktuelle brukargrupper. Ulike former for informasjon og rettleiing skal gje forståing for naturvern og motivasjon for naturvenleg framferd både i og utanfor verneområda. Auka tilstrøyming av turistar og andre tilreisande gjer informasjons- og formidlingsoppgåvene stadig viktigare.

Gjennom ein autorisasjonsavtale med Direktoratet for naturforvalting har *Folgefonna nasjonalparksenter* i Rosendal fått i oppdrag å informere om verneområda rundt Folgefonna og om naturvern og friluftsliv generelt. Nasjonalparksenteret er ein viktig medspelar for forvaltingsstyresmakta når det gjeld informasjon mot publikum. Å utarbeide ein strategi for informasjon om verneområda vert i hovudsak lagt innan rammene for arbeidet til nasjonalparksenteret.

Også Statens naturoppsyn (SNO) har eit informasjonsansvar når det gjeld verneområda. Dette gjeld ikkje minst informasjon om åtferdsreglar og verneinteresser i felt.

Turlag, breførarlag, turistkontor og private som tilbyr tenester og produkt, ynskjer å informere og marknadsføre produkta sine i verneområda, som til dømes turistføring eller organiserte turar. Det er naturleg at forvaltingsstyresmakta samarbeider med slike aktørar for å nytte dei som kanal for nødvendig informasjon om verneområda. Det er òg viktig for å førebyggje skade på naturmiljøet som følgje av ymse aktivitet, ikkje minst knytt til organisert ferdsel eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Gjennom samarbeid og dialog mellom aktuelle aktørar og forvaltingsstyresmakta kan ein unngå ei negativ utvikling.

For å sikre ei riktig utvikling, bør nokre av tiltaka frå forvaltinga vere retta mot aktørane nemnde ovanfor. T.d. kan det arrangerast fagsamlingar eller seminar om verneområda generelt og/eller om særlege fagemne. Dette kan eventuelt samordnast med samlingar for brukarar frå andre verneområde i fylket.
Ved dei viktigaste innfallsportane til verneområda bør det finnast lett tilgjengeleg informasjon for dei tilreisande. Folgefonna nasjonalparksenter har difor utvikla eit konsept med fem innfallsportar rundt Fonna, der det vert satsa særskilt på informasjonstiltak. I hovudsetet for nasjonalparksenteret, som ligg i Rosendal, er det utstillingar og audiovisuelle tilbod. I tillegg vert det utvikla ei rekkje besøksmål knytte til spesielt interessante natur- og kulturhistoriske stader.

Ute i marka skal alle verneområda merkjast med boltar i grensepunkta. Der mykje nytta stigar kryssar vernegrensa skal det setjast opp standard informasjonsskilt om verneområdet. Direktoratet for naturforvaltning (DN) har utvikla ein eigen profilbank der alle logoar og malar for nasjonalparkane i Noreg er samla. Det er laga eigen logo for kvar nasjonalpark og eigen nasjonalparksenterlogo. Logoane til nasjonalparkane er varemerkeregistrerte og kan difor ikkje brukast av alle. Dersom ein er i tvil om rett til å bruke ein logo så ta kontakt med DN eller forvaltingsstyresmakta.

### *Mål og utfordringar*

Det skal vere lett tilgang til god informasjon både for lokalbefolkninga, tilreisande og til dei som formidlar kunnskap om verneområda rundt Folgefonna. Tiltak og tilrettelegging skal i størst mogleg grad gjerast med omsyn til universell utforming.

***Retningsliner***

- Forvaltingsstyresmakta har i samarbeid med Folgefonna nasjonalparksenter, hovudansvar for informasjon om verneområdet. Dette skal skje i samarbeid med grunneigarar, aktuelle lag, organisasjonar, kommunar eller andre aktørar.
- Oppsetting av skilt/informasjonstavler eller annan informasjon i felt, skal vere klarert med grunneigar og forvaltingsstyresmakta. Informasjonstavler eller skilt kan setjast opp utanfor eller ved vernegrensa og ved naturlege og mykje nytta innfallsportar til verneområdet.
- Offentlege skilt og informasjonstavler skal ha høg kvalitet og einsarta utforming. Skilting og logo skal følgje den grafiske profilen til Direktoratet for naturforvalting.

***Oppfølgjande tiltak***

- Godkjenne bruk av merkevarelogo til bruk i informasjonsmateriell og ymse effektar som vert utarbeidde av nasjonalparksenteret eller andre instansar.
- Utvikle planar og strategiar for informasjon om verneområda, som brosjyrar og annan informasjon. Informasjonen må òg vere tilgjengeleg på aktuelle framandspråk.

# 5. FOLGEFONNA NASJONALPARK

## 5.1. Verneføremål

Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er (jf. forskrifta § 2):

- å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- å ta vare på verdfull vassdragsnatur
- å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- å sikre viktige geologiske førekomstar
- å sikre verdfulle kulturminne

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Tradisjonelt friluftsliv i denne samanhengen er det naturvenlege friluftslivet.

Forvaltinga av nasjonalparken skal ha eit langsiktig perspektiv. I prinsippet betyr dette at verdiane skal takast vare på for all framtid, men i Direktoratet for naturforvalting sin rapport "Forvalting av nasjonalparker" (Direktoratet for naturforvalting 1996) opererer ein med ein tidshorisont på minst 200 år.



*Inste botnane, Blådalen. Foto: Anniken Friis*

## 5.2. Verneverdiar

### Natur

Naturverdiane på og rundt Folgefonna er fyrst og fremst knytte til landskap, vassdragsnatur, berggrunnsgeologi og kvartærgeologi. Dei sentrale fjellområda her representerer nokre av dei siste restane med inngrepsfri natur i Hordaland. Sjølve Folgefonna er dominerande i landskapsbiletet, og landskapet rundt fonna er sterkt prega av aktiviteten til isen opp gjennom tidene.



*Sandvikedalen. Foto: Anniken Friis*

Fem av vassdraga i området er varig verna mot kraftutbygging. Dette er Mosneselva i Etne, Hattebergsvassdraget, Æneselva og Furubergselva i Kvinnherad, og Buerelva i Odda, som er ein del av Opovassdraget.

Berggrunnsgeologien har eit stort mangfald av bergartar, med stort spenn i alder, frå dei eldste til dei yngste bergartane i Noreg. Enkelte stader ligg skilja mellom ulike bergartar lett synleg og har stor interesse for forsking og undervisning. Området er rikt på kvartærgeologiske former skapte av is og vatn. Nokre av dei høgtliggjande, isolerte toppane har truleg aldri vore dekte av is.

Vegetasjonen og dyrelivet er typisk for regionen. Fjellet og området rundt breen er generelt artsfattig, og det største artsmangfaldet er i skogen i dei lågareliggjande delane av området.

***Rammer og regelverk***

Kva vernet av naturverdiane i området inneber går fram av vernereglane, punkt 1-3:

- Generelt er det forbod mot alle inngrep i landskapet, jf. pkt.1.1 i vernereglane.

- Vegetasjonen skal vernast mot skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsel og tradisjonell beitebruk, jf. pkt. 2.1 i vernereglane. Det er tillate å plukke vanlege planter og å sanke sopp og bær til eigen bruk, det same er skånsam bruk av trevirke til bålbrenning. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å hogge ved til eigen bruk.
- For dyrelivet gjeld dei same reglane i nasjonalparken som i naturen elles, jf. pkt. 3.1 i vernereglane. Jakt og fiske er tillate etter viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. Kalking av vassdrag er ikkje tillate utan særskilt løyve.

***Retningsliner***

- For å ta vare på det urørte preget i området er det avgjerande at ein unngår nye tekniske inngrep (jf. pkt. 1.1 i vernereglane). Forvaltingsstyresmakta må sjå til at forbodet vert respektert. Det skal førast ein restriktiv dispensasjonspraksis.
- Jf. pkt. 1.2 c i vernereglane skal merkte stigar, løyper, bruer og skilt mm. vedlikehaldast i samsvar med forvaltingsplanen. Forvaltingsstyresmakta og Statens naturoppsyn må sjå til at ferdsla utanfor merkte stigar og løyper ikkje fører til for stor slitasje på naturverdiane.

## Kulturminne og kulturmiljø

Det ligg fleire stølar og det er spor etter tidlegare stølsdrift i nasjonalparken. Kjende fornminne på Folgefonnhalvøya ligg i låglendet, utanfor verneområda, men nyare undersøkingar kan tyde på at talet på fornminne i fjellet er høgare enn det som tidlegare er kjent (Hordaland fylkeskommune 2000). Ei oppgåve for framtida bør vere å få betre dokumentasjon på dette.

### *Rammer og regelverk*

Kulturminnelova gjeld i nasjonalparken, som andre stader. Å ta vare på kulturminne er òg ein del av verneføremålet, jf. verneforskrifta § 2. Pkt. 4.1 i vernereglane seier at kulturminna skal sikrast mot skade og øydelegging, og lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast. Jf. pkt. 4.2 kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

***Retningsliner***

- Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, skal forvaltingsstyresmakta vurdere konsekvensane for naturverdiane av eit slikt løyve både på kort og lang sikt, og korleis dette eventuelt kan skape presedens for seinare saker. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete.
- I saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk. Inntil nærmare retningsliner om tradisjonell byggjeskikk er på plass, skal desse retningslinene leggjast til grunn:
  - Det skal så langt som råd takast vare på opphavlege bygningsdetaljar.
  - Om ein må byte kledning skal berre det som er nødvendig skiftast ut. Ny kledning skal vere lik den eksisterande.
  - Dersom det skal målast utvendig, skal det nyttast same fargen som det har vore tidlegare.
  - Vindauge og dører skal restaurerast/reparerast heller enn å skiftast ut. Er utskifting nødvendig skal dei ha tilnærma lik utsjånad og same mål som tidlegare.
- Rekonstruksjon kan berre tillatast når det ligg føre dokumentasjon på korleis den opphavlege bygningen såg ut.
- Ved restaurering og rekonstruksjon skal fylkeskommunen gje fråsegn og råd om utføringa.

Dei fleste verneverdige bygningane i området vil truleg måtte takast vare på av interesserte eigarar. Vern gjennom bruk kan vere viktig for å skape interesse og motivasjon for vernet. Bruk, t.d. gjennom utleige for enkel overnatting, kan danne eit økonomisk grunnlag for vedlikehald.

Nokre av bygningane i verneområda kan truleg med fordel restaurerast eller tilbakeførast til ein meir opphavleg stand og utsjånad. Dette kan t.d. gjelde bygg eller utbetringar av "nyare" dato som klårt bryt med opphavleg utsjånad eller lokal, tradisjonell byggjeskikk.



*Håedal i Ullensvang, dagens grunnmur. Foto: Anniken Friis*



*Funn av kokegrop, Støladalen i Odda - kulturminne. Foto: Anniken Friis*

***Oppfølgjande tiltak***

- Å betre kunnskapen om kulturminne i verneområda.
- Å utarbeide nærmare retningsliner for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området.
- Å ta vare på eit representativt utval av registrerte, høgt prioriterte kulturminne i fjellområda, som representerer lokal byggjetradisjon.
- Å sikre at om ein skal setje i stand, byggje om, utvide, halde vedlike og skjøtte gamle sel og andre stølshus skal så vert det gjort med utgangspunkt i opphavleg form og på opphavleg stad.
- Å skape interesse hos eigarane for å ta vare på kulturminne på sin eigedom.

## Bygningar og andre innretningar

Det er fleire bygningar (stølar, hytter og uthus) og andre innretningar (t.d. gjerde) i nasjonalparken.

### *Rammer og regelverk*

Vernereglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og andre innretningar (t.d. gjerde), jf. pkt. 1.2 a.

Det skal vere ei restriktiv forvalting av området når det gjeld heilt nye bygningar. Vernereglane er difor utforma ut frå målet om å kunne gje ei klår avgrensing når det gjeld nye bygg. Vernereglane opnar for oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygningar går tapt ved brann eller annan naturskade.

***Retningsliner***

- Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som å skifte kledning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. (Alle former for utvidingar, også plattingar og andre tiltak som berre er meldepliktige eller er unnatekne frå meldeplikt, jf. PBL, er søknadspliktige i nasjonalparken).
- For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a i verneregIane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.
- Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.

***Oppfølgjande tiltak***

- Å utarbeide nærmare retningsliner for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området.

## 5.3. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak

### Jord- og skogbruk

Innanfor *nasjonalparken* vil utøvinga av landbruk stort sett gjelde beitebruk, i all hovudsak beiting med sau. I *landskapsvernområda* vil det òg vere innmarksbeite, og beiting med storfe og hest er stadvis vanleg i tillegg til sau. Omfanget av beitebruk i og tett opp til verneområda var i 2003 om lag 10 900 sauer, 400 geiter og 430 storfe (Bøthner & Rolland 2003).



*Husdyr på beite. Foto: Anniken Friis*

For dei som driv landbruk er det viktig at det finst ordningar for motorferdsel, m.a. i krisetilfelle der husdyr går i skòrfeste, vert sjuke o.l. I landskapsvernområda er det dirkekte unnatak for motorferdsel i slike tilfelle, men i nasjonalparken må det søkjast forvaltingsstyresmakta om løyve jf. pkt. 6.3 b, c og e i verneregIane.

På nokre av stølsområda har det vore vanleg å halde kulturlandskapet ope gjennom sviing/brenning. Verneforskrifta omtalar ikkje dette spesielt, men fordi brenning har vore praktisert for å auke beiteverdien, bør ikkje denne praksisen, slik han har vore utført til no, reknast som konfliktfylt. Om det er ynskjeleg med denne typen skjøtsel, må det skje etter avtale med forvaltingsstyresmakta, jf. heimel i naturmangfaldlova § 47 (skjøtselsheimel).

***Mål og utfordringar***

- Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet.
- Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep.
- Det må utviklast samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta, fylkeskommunen, kommunane og relevante aktørar for å vidareføre og ta vare på bruken av stølsområda.

***Retningsliner***

- Beiting i verneområda bør/kan omfatte dei husdyrrasane som tradisjonelt har beita i området. Beitet kan brukast så mykje som er råd, men slik at det ikkje skadar naturmiljøet.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skòrfeste (pkt. 1.3 h i vernereglane). Gjerda skal tilpassast landskapet. Søknad om å setje opp gjerde skal vise gjerdetype og kvar det skal setjast opp.
- Etter pkt. 2.3 i vernereglane kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til vedhogst til eigen bruk. Slik hogst kan dekkje behovet for ved til stølshus og hytter inne i nasjonalparken i tilfelle der andre løysingar vert lite føremålstenelege . Det har vore hogge lite ved i dei aktuelle områda. Forvaltingsstyresmakta vil difor leggje opp til ein lite restriktiv praksis og opne for fleirårige løyve, slik at denne hogsten i praksis skal kunne halde fram omlag som før.
- Ved søknad om løyve til å føre opp bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følgje med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.
- Dersom motorferdsel er nødvendig i samband med tiltak nemnde ovanfor, skal søknad om løyve til motorferdsel følgje søknad om løyve til det aktuelle tiltaket. Desse søknadane skal handsamast under eitt.

***Oppfølgjande tiltak***

- Grunneigarlaga skal skaffe oversikt over stader der dyr kan gå i skòrfeste, som ledd i arbeidet med å setje inn aktuelle førebyggjande tiltak.

**Friluftsliv og reiseliv/turisme**

Naturen på Folgefonnhalvøya gjev høve til eit mangfaldig friluftsliv, frå fjorden til dalføra som fører opp til høgfjellet og breen, og omsynet til friluftsliv står sentralt i verneforskriftene. I verneforskrifta (§ 2) heiter det at *«Allmenta skal ha høve til naturopplevingg gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg tilrettelegging»*. Oppretting av nasjonalparkar er eit viktig verkemiddel for å sikre urørte og opplevingsrike område for friluftsliv.

Like fullt er det viktig med ei bevisst haldning frå turfolk og andre brukarar for at kvalitetane i nasjonalparken skal verte haldne oppe, både når ein nyttar den frie ferdselsretten og i samband med tilrettelagde aktivitetar. Friluftslivet bør skje på ein naturvenleg og enkel måte, og ikkje føre til ulempe for grunneigarar, landbruksdrift og lokalsamfunn.

Friluftslivet må såleis ikkje vere i strid med verneføremålet og vernereglane. Dette kan t.d. gjelde omfang av og standard på tilrettelegging. Friluftsliv i stort omfang kan føre til slitasje på terrenget.

Det som i dag går føre seg av organisert turverksemd i Folgefonnområdet er etter alt å døme sannsynlegvis ikkje i strid med verneføremålet. Forvaltingsstyresmakta vil likevel følgje med på utviklinga, og vurdere om det kan vere grunnlag for nærmare retningsliner for slik verksemd i samband med rullering av forvaltingsplanen. Det vil på sikt verte laga bevaringsmål for friluftslivet i nasjonalparken.

Direktoratet for naturforvalting kan ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet i verneområda (jf. pkt. 5.4).

På privat grunn må ein ved visse former for organisert verksemd og telting over fleire døgn, innhente løyve frå grunneigar (jf. m.a. § 9 og § 10 i friluftslova), og friluftsaktiviteten skal uansett ikkje vere til "utilbørlig fortrengsel eller ulempe for andre".

### *Turgåing og turisthytter*

Frå mange av bygdene rundt Folgefonna går det merkte ruter til fjells. Merkte ruter finn ein m.a. langs Mosnesvassdraget, Hattebergsvassdraget, i Ænesdalen og Furebergsdalen og frå Bondhusvatnet til Fynderdalen. På sjølve breen er ruter frå Folgefonn Sommarskisenter til toppen av Nordfonna merkte i skisesongen om sommaren.



*Bruar er ofte nødvendig som tilrettelegging. Foto: Anniken Friis*

Det finst òg umerkte ferdselsårer i området, og nokre stader kan det vere aktuelt å leggje til rette med nye bruer eller stigar for å opne nye turvegar. Dette gjeld til dømes opp til Lonvatn i Guddalsdalen og ruta frå Mosnes til Glåmå.

Det ligg tre turisthytter inne i nasjonalparken: Fonnabu, Holmaskjer og Sauabrehytta. Breidablikk ligg i Bondhusdalen landskapsvernområde, nær grensa til nasjonalparken. Fonnabu, Breidablikk og Holmaskjer er ått av Bergen Turlag (BT) og drifta av Kvinnherad Turlag og Odda/Ullensvang Turlag, som er lokallag av Bergen Turlag. Bergen Turlag (BT) og Haugesund Turistforening (HT) er medlemsforeiningar i Den Norske Turistforening (DNT). Turlagshyttene vert stort sett nytta til overnatting. Talet på overnattingar har auka noko dei siste ti åra. Til dømes har Bergen Turlag si hytte Fonnabu hatt mellom 800 og 1000 besøkjande dei siste to åra. Ei årsak til dette er m.a. at hytta har vore base for breføring og brekurs. Sunnhordland Kraftlag har små hytter/sikringsbuer fleire stader i området. Desse hyttene står opne, men vert ikkje nytta i samband med organiserte turar.

### *Organisert turverksemd*

**Ein aktivitet vert rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**

Det er ikkje forbod mot organisert turverksemd til fots i nasjonalparken, så lenge dette føregår på ein slik måte og av eit slikt omfang at naturmiljøet ikkje vert skadelidande, jf. pkt. 5.2 i vernereglane. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta og grunneigarar.

Turlaga arrangerer årleg fellesturar og brekurs på Folgefonnhalvøya. Private verksemder organiserer turar på Folgefonna og i fjellområda rundt. Brevandring, breklatring og vårskiløping er dei viktigaste aktivitetane. Dette vert i utgangspunktet vurdert som positivt, men slik verksemd kan òg krevje meir tilrettelegging, t.d. faste leirplassar, sanitæranlegg m.m., noko som i sin tur kan medføre større press på naturen enn det enkle og naturvenlege friluftslivet.

### *Reiseliv/turisme*

Med reiseliv/turisme meiner ein her ei økonomisk utnytting av moglege opplevingar i området i samband med næringsverksemd. Det er aukande interesse for å nytte verneområda kommersielt. Dette fører òg til auka press på både verneområda og randsona rundt. Det er likevel eit politisk mål å gjere

nasjonalparkar og andre verna område til ein ressurs for lokalsamfunna. I 2006 vart *"Rapport til MD, Handlingsplan for å sikre berekraftig bruk, forvalting og skjøtsel av verneområde"* lagt fram. Handlingsplanen skal styrkje forvaltinga og avklåre rammene for aktivitet i og rundt dei store verneområda i landet. Denne gjev viktige føringar på forvaltinga av verneområda på Folgefonnhalvøya og på arealbruken til kommunane i tilgrensande område.

Den største reiselivsaktøren i direkte tilknyting til verneområda er Folgefonn Sommarskisenter. Senteret ligg utanfor nasjonalparken, men er eit viktig utgangspunkt for turar på breen. Dette er eit av få alpinanlegg i Noreg med drift om sommaren. Driftssesongen varierer med vêrtilhøva, men drift frå pinsetider til ut i august er ikkje uvanleg. Senteret har m.a. alpinløype med skiheis, omlag 10 km oppmerkt turløype og kvista løype til toppen av breen (1640 moh.). Folgefonn Sommarskisenter er Jondal kommune sitt satsingsområde for utvikling av reiseliv og anna næringsutvikling på Folgefonnhalvøya og i Hardanger.

Skal ein utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt, må ein gjere det innanfor ramma av vernereglane, både når det gjeld byggjeverksemd, ferdsel, tilrettelegging og informasjon. Tiltak som nybygging eller ombygging og utviding av eksisterande bygningar må skje utanfor sjølve nasjonalparken. Reglane om motorferdsel vil truleg skape utfordringar for aktivitetar som delar av reiselivet har ynske om å tilby.

### *Jakt og fiske*

Jakt og fiske vert forvalta etter viltlova og lakse- og innlandsfiskelova, og følgjer dei same lovene i verneområda som elles i norsk utmark (pkt. 3.2 i vernereglane). Vernereglane set forbod mot å introdusere nye dyreartar, noko som til dømes gjeld utsetjing av fisk i vatn.

### *Mål og utfordringar*

- Å ta vare på naturen som tilnærma urørt. Forvaltingsstyresmakta må sjå til at tiltak for tilrettelegging for friluftsliv ikkje fører til at naturkvalitetane i området vert reduserte.
- Å leggje til rette for ei utvikling som gagnar reiselivsnæringa og friluftslivet, og som samstundes tek vare på dei ressursane som er grunnlaget for reiseliv og friluftsliv.
- Å sjå til at aktivitetar og tilrettelegging i samband med friluftsliv og reiseliv ikkje er i strid med verneføremålet eller skapar unødige konfliktar med andre interesser i verneområdet.




*Heimadalen. Jakt og fiske vert forvalta etter viltlova og lakse- og innlandsfiskelova, og følgjer same lovane som elles i norsk utmark. Foto: Anniken Friis*

- Å sjå til at utvikling av reiselivsprodukt og aktivitetar i nasjonalparken skjer utan stort behov for motorferdsel eller fysisk tilrettelegging i verneområdet.

***Retningsliner***

- Friluftslivet skal byggje på enkle friluftslivstradisjonar, med vekt på det naturvenlege friluftslivet. Uteaktivitetar må ikkje kome i konflikt med verneføremålet.
- Ein kan ikkje setje opp skilt eller annan utandørs informasjon i verneområda utan løyve frå forvaltingsstyresmakt og grunneigar.
- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med tryggleik å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg eller anlegg, t.d. turisthytter.
- Vedlikehald av eksisterande stigar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking og skilt skal følgje desse retningslinene:

- For enkelt vedlikehald av eksisterande merkte ruter treng ein ikkje særskilt løyve.
- Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området, og vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Der ein ikkje kjenner til kva som er vanleg i området, skal ein hente inn lokal kunnskap.
- Merking av fotruter skal utover dette følgje DNT-standard (vedlegg 1). Ved merking av stigar og vegar skal måling brukast med varsemd.
- Ein må ikkje gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Ein skal aldri bruke raudmåling på kulturminne, som gamle steingjerde, steinbuer, vardar mm.
- Det skal takast omsyn til flora og fauna når ein merkjer stigar.
- Bruer og klopper skal vedlikehaldast i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk.
- For å gjenreise bruer og klopper som er heilt borte krevst det løyve frå forvaltingsstyresmakta. Gjenreising av tidligare godkjende bruer og klopper, som til dømes er øydelagde av flaum, treng ikkje nytt løyve.

***Forts. Retningsliner***

- For å merkje nye ruter eller eksisterande umerkte ruter og å byggje nye bruer eller klopper må det søkjast om løyve etter vernereglane. Det skal vere ein restriktiv praksis m.o.t. å gje løyve til å merkje umerkte eller nye ruter. Ved godkjenning av søknadar om løyper og turruter kan det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og eventuelle tiltak for å avbøte på terrengslitasje og annan skade.
- Dei mest villmarksprega og urørte områda skal vere utan tilrettelegging. I slike område kan ein gje informasjon t.d. gjennom gode kart og brosjyrar, gjerne med medverknad frå nasjonalparksenteret, i staden for merking og andre fysiske tiltak i terrenget.
- Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots, så lenge aktiviteten ikkje er til skade for naturmiljøet.
- Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve, jf. pkt. 5.2 i vernereglane. Ved handsaming av søknadar om organisert turverksemd og ferdsel som kan skade naturmiljøet, er det den innverknaden tiltaket vil ha på verneføremålet som skal vurderast, ikkje om tiltaket er kommersielt eller ikkje. Forvaltingsstyresmakta skal vurdere:
  - Om verksemda kan medføre særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.
  - Om verksemda kan vere til sjenanse for friluftslivet elles.
  - Om det kan setjast nærmare vilkår for løyve til anna organisert ferdsel.

- Faste arrangement kan få fleirårige løyve.
- Det er generelt ikkje forbod mot bruk av hest, men organisert bruk av hest er berre tillate på ridetraseen opp til breen frå Tokheim og frå Sunndal.
- Reine reiselivstiltak som medfører fysiske inngrep, skal leggjast utanfor nasjonalparken.

*Oppfølgjande tiltak*

- Halde oversikt over bruken av området til friluftsliv, organiserte aktivitetar og arrangement. Følgje med i omfanget av nye uteaktivitetar og sjå til at desse ikkje kjem i konflikt med verneføremålet. Ansvar: Forvaltingsstyresmakta.
- Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruer og ferdselsvegar. Planen skal òg omtale område som ikkje bør merkjast. Ansvar: Forvaltingsstyresmakta.

## Motorferdsel

Motorferdsellova gjeld sjølv om eit område er verna etter naturmangfaldlova. Utgangspunktet i motorferdsellova er at all motorferdsel i utmark er forbode. Dette gjeld òg grunneigar si ferdsel på eigen eigedom, men forbodet mot motorferdsel omfattar ikkje nødvendig transport i jordbruks- og skogbruksnæring. Jakt, fangst, fiske og bærplukking vert, i motorferdsellova, ikkje rekna som landbruksnæring.

I område verna etter naturmangfaldlova er restriksjonane normalt særleg strenge, noko som betyr at terskelen for å få løyve til motorferdsel her ligg høgare enn elles.

I alle verneområda er det unntak frå forbodet for nødvendig militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern, rednings- og oppsynsverksemd og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver fastsette av forvaltingsstyresmakta (pkt. 6.2 i vernereglane). Utover desse unntaka, kan forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta gje løyve til motorferdsel for føremål nærmare spesifisert i pkt. 6.3 a) i vernereglane.



*Bruk av snøscooter i nasjonalparken. Foto: Statens naturoppsyn*

Hjelpekorps på Folgefonnhalvøya kan ha behov for å gjere seg kjende med aktuelle køyretrasear på breen, og desse kan endre seg frå år til år. Difor er det viktig at hjelpekorpsa kvart år får høve til å gjere seg kjende med forholda langs køyretraseane. I samband med dette treng ein bruke snøscooter. Det er fastsett retningsliner for slike øvingar i brev frå Direktoratet for naturforvalting til Forvaltingsstyresmakta av 1.3.1999. Her er det bestemt at hjelpekorpsa skal utarbeide plan for øvingsverksemd som grunnlag for søknad, og planen skal godkjennast av politiet. Dispensasjonar til slike føremål kan verte gjevne for fleire år.

På Nordfonna er det vanleg å merkje skiløypa frå toppen av trekket til øvste punktet på breen. Slik merking er viktig for tryggleiken sin del, og merkinga må takast ned så snart snølaget på breen gjer det uforsvarleg å vere i området utan breførar. Det vil vere vanleg å få løyve til å bruke snøscooter for å utføre dette arbeidet, jf. § 48 i naturmangfaldlova.

Lågtflygingsforbodet omfattar òg militære øvingar. Søknad om motorisert ferdsel under Forsvaret si øvingsverksemd skal vurderast strengt, og skal normalt ikkje verte gjeve dersom det finst alternative øvingsområde.

Motorferdsel er generelt forbode også på vatn. I verneforskrifta for nasjonalparken er det likevel opna for at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak for bruk av påhengsmo-

tor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet i Kvinnherad. Bakgrunnen for denne unntaksregelen har vore å harmonisere verneforskrifta med motorferdsellova, som opnar for at kommunen gjennom forskrift kan gje løyve til motorferdsel på vatn under 2 $km^2$ når det ligg føre *særlege grunnar*. Dette må tolkast strengt også etter reglane i nasjonalparken, og vil i utgangspunktet verte nytta berre dersom det ikkje er i strid med verneføremålet. I praksis kan dette vere transport i tilknyting til landbruksnæringa, noko som i alle høve går fram av punkt 6.3 b i vernereglane.

I nasjonalparken er motorferdsel for uttransport av felt storvilt søknadspliktig, både etter verneforskrifta (§ 3, pkt. 6.3 e) og motorferdsellova. I praksis vil dette stort sett gjelde søknad om bruk av helikopter. Utstrakt bruk av helikopter til slike føremål er i strid med verneføremålet, og ein vil difor føre ein restriktiv praksis i å gje slike løyve. Det må gjerast ei konkret vurdering opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken. Ved bakketransport må faren for terrengslitasje vurderast. Eit eventuelt løyve kan uansett ikkje nyttast før etter at dyret er felt.



*Bruk av helikopter for transport av felt storvilt krev løyve frå forvaltingsstyresmakta. Foto: Anniken Friis*

Når forvaltingsstyresmakta for verneområda gjev løyve etter verneforskrifta, kan det ikkje verte gjeve løyve som er meir lempelege enn det motorferdselslova tillet. Forvaltingsstyresmakta bør i størst mogleg grad samordne seg med kommunane når det gjeld saker som gjeld både verneforskrifta og motorferdselslova. Ved motstrid vil verneforskrifta gjelde føre motorferdselslova.

### *Løyve*

For å gjere søknadsprosedyren for motorferdsel så enkel som mogleg, både for søkjar, kommunen og forvaltingsstyresmakta, tek ein sikte på å innføre ordning med fleirårige løyve. Det vil seie eit løyve som gjeld for eit sett med turar og som kan gjelde inntil fem år. Løyvehavar signerer for kvar tur og rapporterer (køyrebok) tilbake til forvaltingsstyresmakta etter at turen eller sesongen er slutt, eller slik forvaltingsstyresmakta fastset i vilkåra.

Løyve gjeve av kommunen eller forvaltingsstyresmakta innskrenkar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte eller avgrense motorferdsel på sin eigedom. Fleirårig løyve er aktuelt der det er behov for meir enn ein tur i året, der turane er årvisse, og der det er rimeleg sikkert at det vil verte gjeve dispensasjon. Aktuelle brukarar av slike løyve er kraftlag, turlag med hyttedrift og grunneigarar. Også i samband med byggjeløyve kan det vere praktisk å gje fleirårige løyve.

### *Mål og utfordringar*

- Å halde motorisert aktivitet på eit minimum.
- Å få til best mogleg samordning av motorferdsla i verneområda.
- Å etablere rutinar som gjer at søknadar om nødvendig transport vert behandla raskt. Det bør m.a. utarbeidast rutinar som samordnar søknader mellom forvaltingsstyresmakta og kommunane, slik at det er nok å sende søknad til ein instans.

***Retningsliner***

- Omfanget av motorisert ferdsel i verneområda skal haldast lågast mogleg. Behovet for motortransport etter pkt. 6.3 i vernereglane skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve.
- Motorisert ferdsel skal, så sant det er mogleg, finne stad på kvardagar.
- Motorisert persontransport er forbode.
- Løyve til motorferdsel for pressa (t.d. fotografar og journalistar), vil normalt ikkje verte gjeve. Unntak kan gjerast dersom aktiviteten kan medverke til å fremje verneføremålet.
- Alle som utfører transport, anten i medhald av vernereglane eller som dispensasjon, skal sjå til at transporten vert avgrensa til det som er nødvendig. Om mogleg skal transporten samordnast med andre.
- Der transporten er årleg og regelfast, kan det gjevast fleirårige løyve. Etter kvar sesong skal løyvehavaren sende ferdig utfylt køyrebok til forvaltingsstyresmakta innan fastsett frist.
- Dette vert rekna som nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdematerialar, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike og helikoptertransport i samband med at husdyr går i skòrfeste.
- I dei områda der husdyr årleg kjem i skòrfeste, skal ein gje ”naudløyve” for bruk i kvart enkelt tilfelle, og ein får nytt løyve automatisk når forvaltingsstyresmakta får rapport om at det er brukt.
- Ein kan få løyve til motorisert ferdsel i samband med vedhogst når ein har fått løyve til hogst til eigen bruk til hus/hytter i nasjonalparken. Løyve til motorferdsel bør verte gjeve saman med hogstløyve, og avgrensast til det som er nødvendig for den einskilde hogsten.

***Forts. Retningsliner***

- Det skal førast ein restriktiv praksis på å gje løyve motorferdsel til uttransport av felt storvilt. Det skal setjast vilkår om tal på turar og tidspunkt for motorferdsla. Løyvet kan ikkje nyttast før etter at dyret er felt.
- Øvingskøyring til føremål nemnde i pkt. 6.2 a i vernereglane skal berre gjelde det som er nødvendig for å verte kjend i området. Øving og opplæring som like godt kan haldast andre stader, skal skje utanfor verneområdet.
- Hjelpekorps skal utarbeide plan for øving som skal vere godkjend av politiet, jf. retningsliner fastsette i Direktoratet for naturforvalting sitt brev til Forvaltingsstyresmakta av 1.3.1999.
- Løyve til bruk av beltekjøretøy på snø eller helikopter kan verte gjeve i samband med drift av turisthytter (forsyningar av matvarer og brensel), men slik transport skal haldast på eit minimum. Motorisert persontransport er ikkje tillate.

***Om søknader og løyve***

Søknaden skal vere skriftleg og skal oversendast i god tid før planlagd transport, slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame han. Søkjaren må leggje ved kart som syner ynskt trasé/lokalitet for transporten/løyvet.

Søknad om motorferdsel må handsamast både i medhald av verneføresegna og lov om motorferdsel.

Søknad om motorferdsel skal sendast Forvaltingsstyresmakta. Forvaltingsstyresmakta handsamar søknaden i medhald av verneføresegna. Forvaltingsstyresmakta sender kopi av vedtaket til den aktuelle kommunen. Kommunen må handsame søknaden etter Lov om motorferdsel.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast Direktoratet for naturforvalting, oppsynet (SNO) og den aktuelle kommunen sam-

stundes med at vedtaket vert kunngjort til søkjaren. Søkjaren pliktar å innhente samtykke frå grunneigar til køyring eller landing.

### Drift og vedlikehald av tekniske anlegg

Tre kraftselskap har anlegg og aktivitet inne i verneområda. Drift av desse kraftanlegga får verknad for nasjonalparken og landskapsvernområda direkte eller indirekte.

Statkraft SF har ansvar for Folgefonnverka som utnyttar vassdraga på nordvestsida av Bondhusbreen i sør til Storelvi i Herand i nord. Knytt til overføring frå områda ved Bondhusbreen til Mysevatn ligg fleire anlegg, m.a. sedimentkammer med anlegg for utspyling, landingsplass for helikopter, bustad/hytte ved inntaket og anlegg i samband med overføringstunnel. Fleire av desse anlegga ligg innanfor Bondhusdalen landskapsvernområde.



*Vernereglane for nasjonalparken er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av energi og kraftanlegg. Demning i Blåvatnet, Odda. Foto: Anniken Friis*

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) har ansvar for Blåfallianlegga som omfattar Blådalsvassdraget på sørvestsida av Folgefonna, i Kvinnherad og Etne kommunar. Blåelva spring ut frå Folgefonna og renn ut i sjøen inst i Matrefjorden. Nedbørsfeltet frå Blomsterskardsvatn på 10,4 $km^2$ er overført til Blådalsvassdraget. Blomsterskardsvatn høyrer naturleg til Mosnesvassdraget, som renn ut på nordsida av Åkrafjorden ved Mosnes.

Vernereglane for nasjonalparken er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. pkt. 1.2 b) og 1.3 j). Motorisert transport i samband med dette krev likevel særskilt løyve etter vernereglane (sjå pkt. 6.3 i), men her må forvaltingspraksis leggje vekt på at kraftselskapa må kunne drive og halde anlegg og tilkomstvegar vedlike på ein rasjonell måte.

Vernereglane for nasjonalparken omtalar ikkje vedlikehald og drift av andre tekniske anlegg enn kraftanlegg (inkl. liner). Dersom det skulle vere aktuelt å gje løyve til slik aktivitet må dette vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon når det ikkje er i strid med verneføremålet. Dette gjeld til dømes mindre tiltak som er viktige for søkjaren og vil ha mindre innverknad på verneinteressene.

#### *Mål og utfordringar*

- Å innarbeide omsynet til verneverdiane i rutinane kraftlaga har for drift og vedlikehald, slik at dagleg drift skjer på ein måte og i eit omfang som er i samsvar med intensjonane i verneforskrifta.
- Å etablere samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og NVE og kraftselskapa, for å hindre at ulike pålegg skal føre til auka press på verneområda og redusere verneverdiane.

***Retningsliner***

- I følgje pkt. 1.2 b, 1.3 j og 6.3 i vernereglane, skal kraftlaga ved nødvendig motorferdsel i samband med tiltak eller episodar, søkje dispensasjon i kvart tilfelle. Unntaket gjeld ved istandsetjing etter akutt utfall, der melding om motorisert transport kan sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant, jf. pkt. 1.2, b2.
- Der det let seg gjere skal kraftlaga samordne transporten med andre.
- Der kraftanlegg eller kraftliner skal oppgraderast eller fornyast, og det er tvil om arbeidet medfører vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet, skal forvaltingsstyresmakta ta avgjerd om dette.

## Forsking og undervisning

Verneområde kan vere nyttige referanseområde for forsking rundt endringar i natur tilstanden. Forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål og som kan gje auka kunnskap om verneområdet, vert vurdert som positivt. Men aktiviteten må ikkje føre til tekniske inngrep som set varige spor i terrenget.
Det vil ikkje verte gjeve løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i området.

Undervising som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkomen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemd må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.

### *Mål og utfordringar*

- Å utvikle vidare det kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vernet, for å få eit best mogleg grunnlag for forvaltinga av området.
- Å samle og samanstille fagleg dokumentasjon om verneområda.
- Å leggje til rette for at verneområda kan nyttast til forsking og undervisning, så lenge dette ikkje skapar auka press på verneområda og fører til skade på verneverdiane.

***Retningsliner***

- Forsking og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.
- Forskingsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.
- Forskingsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt frårådd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- Forskings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.

# 6. BONDHUSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## 6.1. Verneføremål

Føremålet med Bondhusdalen landskapsvernområde (jf. verneforskrifta § 2) er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.



*Bondhusdalen, elva langs vegen. Foto: Anniken Friis*

Bondhusdalen er eit velkjent turistmål og ein mykje nytta innfallsport til nasjonalparken. Dette ligg til grunn for den framtidige forvaltinga av verneområdet, samstundes som desse interessene må balanserast mot landbruksinteressene på ein måte som gjer at dagens kulturlandskap kan haldast oppe. Skogen i landskapsvernområdet kan drivast, men med eit langsiktig mål om at ein del gamle tre får stå att slik at skogen får eit gjennomgåande eldre preg enn i dag.

## 6.2. Kort skildring av området

Bondhusdalen ligg på vestsida av Folgefonnhalvøya og strekkjer seg frå Maurangerfjorden og sør og søraustover mot Folgefonna. Verneområdet omfattar dalføret frå jordbruksområda ovanfor Sunndal, men i dalsidene er vernegrensa trekt nærmare fjorden. Samla areal av landskapsvernområdet er om lag 14,0 $km^2$ og omlag ein tredel ligg nedanfor skoggrensa.

Verneområdet omfattar litt beitemark i dalbotnen mot Sunndal, men det meste av arealet under skoggrensa er skog. Mest særmerkt er dei store områda med gråoreskog, som dekkjer store areal under dei bratte fjellsidene. Oppover mot skoggrensa tek bjørka over. I den vestvende lia ovanfor Sunndal er det òg parti med edellauvskog med ask, alm og hassel. Skogen er jamt over ung som følgje av tidlegare kulturpåverknad.

Området har mange interessante kvartærgeologiske førekomstar, som både er tydelege og lett tilgjengelege. Om lag 500 meter opp frå fjorden ligg det store terrassar med breelvmateriale. Terrassekanten ligg om lag 100 m.o.h., som er marin grense i området. Oppe på terrassane ligg det ein del store blokker som har rasa ned frå dei bratte fjellsidene ovanfor. Bondhusvatnet er demt opp av rasmateriale og elva ut frå vatnet er løynd av steinmassane det fyrste stykket.

Sjølv om dei opphavlege landskapsformene er tilnærma intakte også lenger nede i Bondhusdalen, utanfor verneområdet, er området her prega av aktiv landbruksdrift. Landbruket er dominert av husdyrhald med grasproduksjon og innmarksbeite. Skogbruk i form av vedhogst er framleis vanleg.

Bondhusdalen er ein av dei mest nytta innfallsportane til breen. Det går merkt fotrute frå Sunndal og opp til Bondhusvatnet, og vidare umerkt rute rundt vatnet og opp til Bondhusbreen.

Gardshamarvegen eller Keisarstigen er ei merkt fotrute frå Sunndal opp til Folgefonna og turisthyttene Breidablikk og Fonnabu.




*Informasjonsskilt i Bondshusdalen landskapsvernområde. Foto: Anniken Friis*

Statkraft SF har fleire installasjonar i landskapsvernområdet, m.a. ein landingsplass for helikopter og hytte ved vassinntaket, tverrslag og tunnelar for tilkomst og utspyling for sediment, luke, dieselaggregat og datalogg for registrering av vassføring ved Bondhusbreen. Statkraft har òg ansvaret for vedlikehald av stig og bruer langs Bondhusvatnet fram til Pyttelva.

## 6.3. Rammer og regelverk

Kva vernet av området inneber går fram av verneforskrifta § 3 (vernereglane). Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå forvaltingsplanen kap. 5.2.), men landskapsvernområda omfattar òg område som i større grad er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går fyrst og fremst i kva som er eller kan vere tillate av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbode, medan det i landskapsvernområda er forbod mot *inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på karakteren til landskapet*.

Når det gjeld kulturminne viser ein til omtalen av kulturminne, kulturlandskap og byggjeskikk under omtalen av nasjonalparken, kap. 5.2 i forvaltingsplanen. Dei same retningslinene gjeld for landskapsvernområda.

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken (pkt. 5.2 og 5.3 i vernereglane).

## 6.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak

### Jord- og skogbruk

Jord- og skogbruksdrift skal kunne gå føre seg i landskapsvernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet. Dei forholda i vernereglane som i størst grad vedkjem landbruket, er pkt. 1.1 - 1.3, 2.2 - 2.3 og 5.1 - 5.2.

Det er aktiv landbruksdrift i nedre del av landskapsvernområdet, og det ligg både dyrka mark og innmarksbeite inne i verneområdet. Drift av desse areala gjer det nødvendig å bruke traktor med reiskap og stundom andre motorkøyretøy. Sau, geit og storfe beiter i området, noko som skaper utfordringar når det gjeld grinder og gjerdehald. Tilleggsfôring av utegangarfe medfører at ein må køyre siloballar til fôringsplassar. Vedhogst til eigen bruk er vanleg, og det vert òg teke ut noko ved for sal. Som følgje av m.a. endra driftsformer i landbruket, er kulturlandskapet prega av at det gror att med skog. Attgroinga er naturleg, men kan sjåast på som ei utfordring i den grad ein ynskjer å ta vare på dagens landskapsbilete. Vedhogst kan vere ein måte å hindre attgroing på, men aktiv skjøtsel og beiting må òg til for å halde landskapet ope.

I Bondhusdalen er det dei seinare åra bygd nye vegar, innmarksbeite er fulldyrka og det er sett opp steinmurar for å sikre innmarka mot skred. Vernegrensene er trekte slik at desse tiltaka ligg utanfor verneområdet. Dersom landbruksdrifta skal halde fram kan det i framtida verte behov for fleire slike tiltak. Og sjølv om dette skjer utanfor verneområdet er det likevel eit ynske at grunneigarar og lokale styresmakter tek omsyn til landskapsverdiane.



*Beiteområde Bondhusdalen. Foto: Anniken Friis*

I dag er det grunneigarane som held vegen opp til Bondhusvatnet ved like. Også grunneigarane på Sunndal har vegrett her. Nokre grunneigarar i Bondhus og Sunndal driv med turisme som gjer at dei bruker vegen, både for køyring med motorkøyretøy og for større turgrupper til fots.

### *Mål*

Hovudtrekka i landskapet skal takast vare på som dei er i dag, med kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet som viktig landskapselement. Framhald av aktiv landbruksdrift er ein føresetnad, men drifta må haldast innanfor rammene av regelverket. Skogbiletet skal utviklast med vekt på stadeigne treslag og gamle tre, slik at den framtidige skogen gjennomgåande vert eldre enn i dag.

### *Utfordringar*

- Å oppfylle verneføremålet samtidig som landbruksnæringa kan halde fram på ein måte som tek vare på dei aktive gardsbruka og fører til lokal sysselsetjing, verdiskaping og trivsel.
- Halde oppe beitetrykket, utan nye, større tekniske landskapsinngrep.
- Å finne praktiske og gode løysingar for både turgåarar og beitebruk i kulturlandskapet langs vegen opp mot Bondhusvatnet.
- Hogge ved i tråd med eit langsiktig mål om å auke alderen på skogen.

**_Retningsliner_**

- Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald i samband med dyr på beite treng ikkje nærmare løyve, jf. pkt. 1.2 e i vernereglane, men innføring av nye typar gjerdematerialar skal avklårast med forvaltingsstyresmakta. Anlegg og gjerde som kan kome i konflikt med mykje nytta turstigar i området skal avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Det er tillate å setje opp nødvendige, kraftige nok gjerde for store beitedyr langs ferdselsårene innover dalen for å hindre konfliktar mellom beitedyr og turgåarar, jf. pkt. 1.2 e i vernereglane. Før ein set opp slike gjerde skal ein avklåre traséval og materialbruk med forvaltingsstyresmakta. Elektriske gjerde som vert tekne ned etter bruk treng ikkje førehandsgodkjenning.
- Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 f i vernereglane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsla kan gjødslast etter same praksis som ved vernetidspunktet. Ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.
- Ein må søkje om å få setje opp le for utegangarfe, jf. pkt. 1.3 d i vernereglane, og forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materiale og utforming.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite, jf. pkt. 1.3 e i vernereglane. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsla skal ikkje gjødslast.

***Forts. Retningsliner***

- Beite er tillate i heile verneområdet, jf. pkt. 2.2 i vernereglane. Det er ynskeleg at beitebruk og husdyrrasar som har tradisjonar i området vert nytta.
- Eldre, styvde lauvtre kan styvast på nytt, men strategi og omfang må fyrst avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Vedhogst til eigen bruk for hytter og stølar ol., og avverking av ståande kulturskog og annen hogst er tillate, jf. pkt. 2.3 a-c i vernereglane. Desse retningslinene gjeld:
  - Det skal ikkje hoggast store flater, jf. Levende Skog standard.
  - Hogsten skal konsentrerast om bjørk, selje, gråor og framande treslag. Alm og andre varmekjære treslag skal få stå, likeins osp og hegg.
  - Ein skal leggje til rette for foryngning av varmekjære treslag der desse veks naturleg.
  - Skog og enkelttre av framande treslag som er resultat av sjølvfrøing, bør fjernast.
  - Ein skal hogge på ein slik måte at skogbiletet vert utvikla i retning av eldre skog. Større tre av stadeigne treslag skal difor stå att.
  - Også ein del unge tre bør stå att av omsyn til framtidig vedhogst.
  - Døde tre skal stå att. Rotvelter kan fjernast dersom dei kan brukast til ved.
  - Elvenær gråoreskog og døde tre langs elva skal ikkje hoggast. Det bør ikkje hoggast i skogen mellom vegen og elva nedanfor Bondhusvatnet, men det kan ryddast fiskeplassar etter at stad og framgangsmåte er klarert med forvaltingsstyresmakta.
  - Rundt styvde tre bør skogen ryddast eller tynnast, slik at styvingstrea får nok rom og lys.

***Forts. Retningsliner***

  - Når ein skal hogge kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst, skal forvaltingsstyresmakta og det lokale landbrukskontoret varslast og gje råd om utføring. Teigar med planta gran som er økonomisk interessante for hogst, kan stå til dei er hogstmogne, men bør då fjernast heilt. Om ein plantar til areala etter hogsten, skal ein plante stadeigne treslag.
  - Forvaltingsstyresmakta og/eller lokalt oppsyn skal ha melding om når og kvar ein tek til med hogst, slik at ein kan gje tilleggsråd om korleis hogsten bør gjerast.
- Jf. pkt. 1.3 i vernereglane, kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til *enkle driftsvegar* til mellombels bruk for å kunne ta ut kulturskog.

  **Enkle driftsvegar er i denne samanhengen vegar som med relativt liten innsats kan tilbakeførast til opphavleg terreng**. Fylling eller planering skal berre gjerast over korte strekningar og ikkje føre til meir enn 1 m avvik frå opphavleg terrengnivå. Sprenging er ikkje tillate.
- Nødvendig motorferdsel i samband med ordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er å frakte utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt. Ein oppfordrar til samkøyring ved denne typen nyttetransport for å avgrense den motoriserte ferdsla i landskapsvernområdet.

***Forts. Retningsliner***

- Vedlikehald av veg er tillate etter pkt. 1.2 c i verneреglane. **Vedlikehald av veg betyr arbeid som skal halde vegen av tilsvarande standard som ved vernetidspunktet.** Slikt arbeid omfattar m.a. å fjerne tre og buskar i vegbana, reinske eksisterande grøfter og å reparere vegen ved store nedbørsmengder, fjerne nedrasa stein o.l. Også vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegane er å rekne som vegvedlikehald. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og vedlikehald av eksisterande grøfter, men ikkje endring til anna vegdekke. Når det gjeld grusing omfattar dette berre fornying av berelag/slitelag der dette finst frå før. Ynskjer ein t.d. å grusleggje ein graskledd traktorveg, må dette godkjennast av forvaltingsstyresmakta. Det er ikkje tillate å leggje om traseen eller auke vegbreidda utan løyve frå forvaltingsstyresmakta.
- For vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegen langs Bondhusvatnet, ved Krokelva og Pyttelva, er det ikkje nødvendig med eige løyve for motorferdsel. Men dersom reparasjonane vert så store at det fører til vesentlege endringar på bruene eller plassering av bruene, skal forvaltingsstyresmakta varslast før ein set i verk tiltak.
- I samband med vedlikehald av vegen opp til Bondhusvatnet har det vore vanleg å ta massar frå Bondhuselva ved Sandvollen. Ein kan framleis nytte massar frå elva til vedlikehald av vegen, så lenge omfanget ikkje er så stort at det kan vere til skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget. Dersom stadeigne massar skal hentast frå andre stader enn elva må dette godkjennast av forvaltingsstyresmakta, jf. Naturmangfaldlova § 48. Tiltak i vassdrag som fører til at allmenne interesser vert påverka, fell òg inn under vassressurslova.

***Oppfølgjande tiltak***

- Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskapet.
- Setje opp og halde ved like gjerde mot trafikkårene innover i dalen.
- Setje opp gjerdeklyvarar ved dei mest nytta grindene.
- Opprette eit veglag som skal stå for drift og vedlikehald av toalettanlegg, parkeringsplass og veg opp til Bondhusvatnet. (Private eigarar, rettshavarar, kraftlag, reiseliv, kommune, nasjonalparksenter m.m.)
- Rydde skog rundt styvde almetre i liene langs Gardshamarvegen. Tiltaket bør prioriterast når ein høgg ved, alternativt som skjøtselstiltak.
- Utarbeide strategi (framgangsmåte og omfang) for skjøtting av gamle styvingstre i liene langs Gardshammarvegen. Tiltaket bør kunne nyttast pedagogisk, ved at oppsyn, forvalting og dei som eig styvingstre kan tileigne seg kunnskap om dette.
- Teigar med planta gran og lerk som står slik til at dei ikkje er økonomisk interessante for hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak i den grad forvaltingsstyresmakta finn dette tilrådeleg innan gjeldande budsjettrammer. På slike areal skal det etter ev. hogst vere naturleg forynging.

## Friluftsliv

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å kunne utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg tilrettelegging. Friluftslova § 2 sikrar alle fri ferdsel i utmark, dvs. at ein kan ferdast fritt til fots i utmark. All ferdsel skal likevel skje *omsynsfullt og med tilbørleg varsemd.*

Jakt og fiske er tillate etter gjeldande lovverk.

Verneреglane legg ikkje restriksjonar på den frie ferdselsretten, men etter pkt. 4.4 i verne-

reglane kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Tilrettelegging kan vere med på å styre ferdsla.

Tiltak for tilrettelegging skal ha omfang og standard i samsvar med verneføremålet. Dette er viktig for å hindre at tiltak for friluftslivet kjem i konflikt med verneføremål og vernereglar.

Friluftslivet i Bondhusdalen er i stor grad knytt opp mot tilstrøyminga av turistar til området. Mange går ikkje lenger enn opp til enden av grusvegen ved Bondhusvatnet, der ein har god utsikt over vatnet og dalen med Bondhusbreen i bakgrunnen. Bondhusbreen er likevel den største attraksjonen i området. Opp mot breen går det ein relativt enkel stig, via vestsida av Bondhusvatnet. Frå vestsida av Bondhusvatnet går det òg stig inn i nasjonalparken, langs Pyttelva opp til Fynderdalen. På austsida av Bondhusdalen går Gardshamarvegen eller "Keisarvegen". Stigane til Fynderdalen og Gardshamar er òg innfallsportar til fjellområdet.

Det er eit mål å halde oppe området som eit attraktivt turområde der det ligg til rette for eit enkelt og naturvenleg friluftsliv. Tilstrøyminga av turistar må ikkje verte så stor eller ta ei slik form at naturmiljøet tek skade. Ein skal leggje til rette på ein naturvenleg måte og med vekt på det enkle friluftslivet.

***Utfordringar***

- Å halde på naturpreget i området. Aktuelle tilretteleggingstiltak skal utførast med så små inngrep som mogleg.
- Å styre nye aktivitetar som kan vere negative eller kome i konflikt med verneføremålet.
- Å finne praktiske og gode løysingar for både turgåarar og beitebruk i kulturlandskapet langs vegen i Bondhusdalen.

***Retningsliner***

- Aktivitetar skal ikkje kome i konflikt med verneføremålet.
- Å ta vare på natur og kulturlandskapet er overordna tilrettelegging for friluftsliv.
- Organiserte turar til fots i verneområdet er uproblematisk så lenge det føregår på ein måte og med eit omfang som ikkje skader naturmiljøet. Anna organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 4.2 i vernereglane. Ved handsaming av slike søknader skal forvaltingsstyresmakta vurdere:
  - Om verksemda fører med seg særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive naturvenleg og enkelt friluftsliv.
  - Om verksemda er til trengsel for det naturvenlege friluftslivet.
  - Om det kan setjast nærmare vilkår for eit eventuelt løyve.

  **Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**
- All organisert turverksemd (sjå definisjon ovanfor) må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta. Løyvet kan gjelde for ein periode (eitt år eller sesong) og fleire planlagde organiserte turar. Krav om innrapportering før søknad om nytt løyve.
- Dersom det er tvil om organisert turverksemd til fots vil gje skade på naturmiljøet, skal det søkjast råd hos forvaltingsstyresmakta.
- Desse vegane og traseane er godkjende for bruk av sykkel og organisert bruk av hest:
  - Vegen opp til og langs Bondhusvatnet
  - Gardshamarvegen

- Det er ikkje forbod mot sporadisk bruk av hest, men reglane i friluftslova gjeld.

***Forts. Retningsliner***

- Vedlikehald og oppmerking av merkte stigar, skilt, bruer og løyper skal følgje same retningslinene som gjevne i kap. 5.3 i forvaltingsplanen.
- Skal ein setje opp skilt eller annan utandørs informasjon skal ein avklåra det med forvaltingsstyresmakta og grunneigaren.
- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller sikring av ferdsla å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg eller anlegg.
- Uttransport av felt storvilt:
  - Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt er tillate, jf. pkt. 5.2 d i vernereglane.
  - Motorferdsel på bakken bør skje på eksisterande vegar og traktorvegar.
  - Bruk av helikopter til transport av felt vilt er lite ynskjelege i landskapsvernområdet. Slik transport er søknadspliktig til kommunen etter Lov om motorferdsel, og kommunen vil føre ein restriktiv praksis. Om det vert gjeve løyve frå kommunen , må det skildre kor mange landingar (hiv) og kva lokalitetar det gjeld, og kor mange turar t/r lokalitet. Ein bør på førehand varsle Statens naturoppsyn om transporten
  - Bruk av helikopter reknar ein som nødvendig berre dersom det ikkje finst andre løysingar for uttransport av felt vilt, og dersom det etter samla vurdering er mindre skadeleg for miljøet enn alternativ transport

### Reiseliv og turisme

Bondhusdalen er eit område med stor tilstrøyming av turistar. Reiselivet i regionen nyttar vernestatusen i marknadsføringa, og Bondhusvatnet med Bondhusbreen er kanskje det mest nytta enkeltmotivet i marknadsføringa av verneområdet. Trenden med opplevings- og aktivitetsturisme med formidling av natur- og kulturkunnskap ser ut til å vere veksande, og sidan Bondhusdalen er lett tilgjengeleg er det sannsynleg at talet på besøkjande vil auke i åra framover.

Olaløo har sidan 1985 hatt enkel servering etter bestilling for turgrupper ved Bondhusvatnet. Matvarer og utstyr vert transportert med bil/traktor. Transporten har føregått med bil dei siste 20 åra, og omfanget har vore mellom 10 og 20 turar i sesongen.

Sjølv med dagens tilstrøyming av turistar er parkeringstilhøva og toalettilhøva i tilknyting til verneområdet mangelfulle. Ei funksjonell toalettløysing er viktig også fordi Bondhuselva er vasskjelde for dei som bur i Bondhusdalen.
Det er sett opp toalett ved vegskiljet ved Sandvollen inne i landskapsvernområdet. Dette treng tilsyn og reinhald. Motorferdsel i samband med dette må reknast som del av oppdrag bestemt av forvaltinga, og vil såleis vere greitt. På sikt bør det òg kome toalett lenger nede i dalen, ved parkeringsplassen. Dei fleste parkerer i dag der bilvegen sluttar i Bondhusdalen, og kommunen arbeider med planar for ny parkeringsplass i området. Eit aktuelt alternativ er å opparbeide ny parkeringsplass i Sunndal, på vestsida av elva. Fotturistar kan då starte turen lenger nede i dalen, og slik oppleve større delar av det dalføret. Det aktuelle området ligg utanfor verneområdet. Ny parkeringsplass må dimensjonerast for den framtidige bruken av området og bør vere funksjonelt skjerma mot landbruksareal.

Ein er i dag ikkje kjent med at organisert ferdsel har eit omfang som er til skade for naturmiljøet. Forvaltingsstyresmakta må likevel følgje med på utviklinga. Dersom slitasjen vert stor, kan det verte aktuelt å gje nærmare retningsliner for organisert ferdsel ved rullering av forvaltingsplanen.

#### *Mål*

Å leggje til rette for utvikling av berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt, med naturoppleving og naturforståing som utgangspunkt. Aktivitetane og eventuell tilrettelegging må vere i samsvar med verneføremålet og ikkje skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.

### *Utfordringar*

- Landskapsvernområdet skal vere ein stad der besøkjande skal kunne oppleve fred og ro. Ei utfordring vert difor å minske konfliktar som kan oppstå i møtet mellom landbruksdrift og turistar. Døme på moglege konfliktar er konflikt mellom fotturistar og motorferdsel, mellom fotturistar og beitedyr og mellom parkerte bilar og landbruksdrift.
- Etablere ei tenleg ordning for drift og vedlikehald av veg, parkeringsplass og toalett, ved eit samspel mellom offentlege og private aktørar.
- Informere besøkjande om landbruksdrifta i området og aktivitet som slik drift fører med seg. Viktig informasjon vil m.a. vere informasjon om at elva er drikkevatn for fastbuande, informasjon om beitedyr, lukking av grinder og bandtvang.



*Keisarstien er T-merka og går ned i Bondhusdalen landskapsvernområde. Foto: Statens naturoppsyn*

**_Retningsliner_**

I verneområde er det ofte nær samanheng mellom friluftsliv og reiseliv. Retningsliner gjevne under friluftsliv vil difor òg gjelde for reiseliv/turisme. I tillegg gjeld desse retningslinene:

- Reiselivstiltak som fører til fysiske inngrep, skal helst leggjast utanfor verneområdet.
- Innanfor verneområdet vil det ikkje vere lov å føre opp nye bygningar eller å byggje om eller utvide eksisterande bygningar som reine reiselivsprodukt.
- For at Olaløo skal kunne halde fram med å servere grupper ved Bondhusvatnet, vert det opna for å gje inntil 15 løyve motorferdsel tur/retur per sesong. Sesongen er definert i tida 1. mai – 1. september. Køyringa skal gjerast på ei tid på døgnet då det er lite annan turisttrafikk. Det kan verte gjeve fleirårig løyve med vilkår om innsending av køyrebok etter sesongen. Sjølve serveringa bør om mogleg leggjast litt utanfor hovudferdselsåra. Løyvet skal gjelde varer og utstyr, og gjeld ikkje persontransport.
- Nødvendig motorferdsel i samband med tilsyn og reinhald av toalett i Bondhusdalen er uproblematisk, og det skal ein få som fleirårig løyve med vilkår om køyrebok.

**_Oppfølgjande tiltak_**

- Informere turistar og besøkjande i området om landbruksdrift og motorferdsel som kan førekome i samband med dette (kommunen, reiselivet, grunneigarar).
- Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar (sjå definisjon) som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.

## Drift og vedlikehald av tekniske anlegg

Statkraft SF har fleire anlegg og installasjonar innanfor Bondhusdalen landskapsvernområde, noko som fører til ein del aktivitet knytt til drift og vedlikehald. Pkt. 1.2 b i verneregane opnar for 1) Drift og vedlikehalt av eksisterande anlegg, 2) Nødvendig istandsetjing av anlegg ved akutt utfall og 3) Oppgradering/fornying av anlegg når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i forhold til verneføremålet. Når det gjeld det siste punktet kan forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 1.3 j og 5.3 c, gje løyve til oppgradering som ikkje fell inn under pkt. 1.2 b.




*Bruk av helikopter for drift og vedlikehald av kraftanlegg. Foto: Statens naturoppsyn*

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med slike føremål, jf. pkt. 5.3 b og c i verneregane. Ved motorferdsel i samband med reparasjonar ved akutt utfall skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 1.2 b2.

***Retningsliner***

- Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg skal haldast på så lågt nivå som mogleg. Dersom det ligg til rette for det, skal den motoriserte ferdsla samordnast med andre brukarar i området.
- Motorisert ferdsel i samband med akutt utfall skal meldast til forvaltingsstyresmakta/SNO snarast råd.

## Generelt om motorferdsel

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken.

I praksis betyr dette at ein i landskapsvernområda i fleire tilfelle kan nytte motorisert køyretøy utan å søkje om løyve. Slike tilfelle er lista opp i punkt 5.2 i verneregane. Bruken skal vere *nødvendig* og gjeld for køyretøy på hjul eller belte (t.d. ATV), jf. Lov om motorferdsel. Bruk av fly eller helikopter må det alltid søkjast om løyve til.

Retningsliner for bruk av motorkøyretøy er elles gjevne under dei tematiske avsnitta.

***Om søknader og løyve***

Søknaden skal vere skriftleg og skal oversendast i god tid før planlagd transport, slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame søknaden. Søkjaren må leggje ved kart som syner ynskt trasé og lokalitet for transporten og løyvet.

Søknad om motorferdsel må handsamast både i medhald av verneføresegna og lov om motorferdsel. Søknad om motorferdsel skal sendast Forvaltingsstyresmakta i Hordaland. Forvaltingsstyresmakta handsamar søknaden i medhald av verneføresegna. Forvaltingsstyresmakta sender kopi av vedtaket til den aktuelle kommunen. Kommunen må handsame søknaden etter Lov om motorferdsel.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast Direktoratet for naturforvalting, oppsynet (SNO) og den aktuelle kommunen samstundes med at vedtaket vert kunngjort til søkjaren.

Søkjaren pliktar å hente inn samtykke frå grunneigar til køyring eller landing.

# 7. ÆNESDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## 7.1. Verneføremål

Føremålet med Ænesdalen landskapsvernområde er å :

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

## 7.2. Kort skildring av området

Ænesdalen ligg på vestsida av Folgefonnhalvøya og strekkjer seg søraustover opp mot Folgefonna. Æneselva renn sentralt i dalføret og har utløp i Sildafjorden på sørsida av Ænestangen.



*Ænesdalen landskapsvernområde. Foto: Anbjørn Høivik*

Landskapsvernområdet strekkjer seg inn til Hestabotnen, vel eit par hundre meter før vatnet. I lisidene går grensa frå om lag kote 200 inst i dalen opp til litt i overkant av kote 400 i framkant. Totalt er Ænesdalen landskapsvernområde på om lag 3,4 $km^2$.

Dalen er u-forma fram mot Hestabotnen. Etter kvart som dalen vert trongare innover får han v-form. Lengdeprofilen er prega av tersklar og trau, og i eit par av traua ligg det vatn. Opp til marin grense er det store breelvavsetjingar, som i dag kan sjåast som terrassar. Kvartærgeologiske former, både frå istida og nyare tid, er rikt representerte. Dei aktive prosessane som føregår i og langs elva er svært instruktive.

Ved stølen Ænessætret er dalbotnen brei og utgjer ei flat elveslette. I denne delen av dalen er det lite fall, og elva renn i store svingar over dalbotnen. Elva renn her gjennom ein flaummarksskog med gråor, sterkt påverka av beiting. Ein del av tidlegare slåttemark kring stølen har vakse til med skog.

Furuskog dekkjer mykje av Ænesdalen. I Taklia ligg eit stort, intakt område som ikkje har spor etter moderne skogsdrift. Der dalen er på sitt breiaste er blåbærfuruskog den dominerande skogtypen. Furuskogen har noko innblanding av bjørk og rogn. Mange stader på austsida er det hogge mykje eldre skog og planta gran til erstatning for furu. Også nokre tidlegare slåttemarker er tilplanta med gran. Næringsretta skogbruk, med sagbruk og båtbygging har lange tradisjonar i Ænesdalen.

Også vedhogst har vore vanleg, og grunneigarane ynskjer å halde fram med dette.

Skogbiletet, den meanderande elva og dei mektige fjellformasjonane er dei viktigaste landskapstrekka i Ænesdalen. Delar av skogen har i dag stadvis sterkt preg av kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst. Det er eit langsiktig mål at ein ved framtidig hogst legg vekt på å ta ut framande treslag (gran) og elles prøver å gjenskape mest mogleg naturpreg, og at naturskogen får verte gammal. Fordi alderen på kulturskogen spenner frå hogstklasse I til hogstklasse V, kan dette ta tid dersom eigarane vel å vente eit heilt omløp (70-90 år).

Ved stølen Ænessætret har det inntil for få år sidan vore beitt. Her ligg òg eit par felt med dyrka mark. Fram til stølen er det bygd veg, men både vegen og stølen ligg utanfor

grensa for landskapsvernområdet. Ovanfor stølen er det fleire traktorvegar som er etablerte med tanke på skogsdrift.

Kulturminne og kulturlandskap finst i tilknyting til gardar ved fjorden og seteranlegg i Ænesdalen og på Vatnastølen. Ved Ænessetret ligg tufter og åkerreiner som kan vere spor etter busetnad i jernalder og mellomalder. Ænessetret har gamle bygningar som har vore godt haldne.
Æneselva er varig verna mot kraftutbygging. Vassdraget og området har store opplevingskvalitetar med kontrastar frå fjorden til blåisen og frå frodig skog til stupbratte fjell. Tilkomsten er svært god, og området eignar seg difor til mange aktivitetar knytte til friluftsliv og rekreasjon.

Turgåarar i Ænesdalen parkerer ofte ved Ænes kyrkje eller på privat gardsplass. Dagens parkeringstilhøve ved kyrkja er ikkje ei god løysing, heller ikkje å måtte nytte privat gardsplass. Det er heller ikkje ynskjeleg med for mange bilar inn i dalføret opp mot Ænessætret.

## 7.3. Rammer og regelverk

Kva vernet av området inneber går fram av verneforskrifta § 3 (vernereglane).

Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå kap. 5.2.), men delar av landskapsvernområda omfattar i større grad òg område som er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går fyrst og fremst i kva som er eller kan tillatast av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbodne, medan det i landskapsvernområda er forbod mot *inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapskarakteren.*

Når det gjeld kulturminne viser ein til omtalen av kulturminne, kulturlandskap og byggjeskikk i omtalen av nasjonalparken, kap. 5.2. Dei same retningslinene gjeld for landskapsvernområda.

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i nokon større grad for motorferdsel enn det som er tilfellet for nasjonalparken (pkt. 5.2 og 5.3 i vernereglane).

## 7.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak

### Jord- og skogbruk

Jord- og skogbruksdrift skal kunne gå føre seg i landskapsvernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet. Dei forholda i vernereglane som i størst grad vedkjem landbruket er, pkt. 1.1 - 1.3, pkt. 2.2 - 2.3 og pkt. 5.1 - 5.2.

I Ænesdalen er landbruksinteressene fyrst og fremst knytte til skogressursane, men ved stølen Ænessætret er det område med beitemark. Grensa for verneområdet går ovanfor stølen, men noko av beitemarka ligg innanfor vernegrensa.

Skogbruksinteressene er større i Ænesdalen enn i dei andre verneområda rundt Folgefonna. Då ein drog grensa for verneområdet vart det teke omsyn til dette, og dei mest aktuelle skogbruksområda er haldne utanfor vernegrensa. Verneområdet omfattar likevel ein del areal aktuelle for skogsdrift, og det går ein traktorveg frå Ænessætret vidare ca. 700 m inn i verneområdet. Langs denne er det ein del kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst, som no snart er hogstmoden.

På bakgrunn av dei relativt store skogbruksinteressene i Ænesdalen har Vestskog BA laga ein fleirbruksplan for skogeigedomane inne i verneområdet. Eit oversiktskart for driftsplanane ligg som vedlegg til forvaltingsplanen (vedlegg 3). Driftsplanane skal leggjast til grunn for skogsdrift i landskapsvernområdet, og vert rekna som ein del av forvaltingsplanen, jf. 5.2 c og vedlegg 3.

Det går køyrande grusveg opp til Ænessætret. I tillegg til landbruksføremål, vert vegen mykje nytta av turgåarar. Vegen og stølen ligg utanfor verneområdet og er privat. På sikt bør ein ta opp spørsmålet om parkering for besøkjande til Ænesdalen. Det er lite ynskjeleg med stor biltrafikk inn til stølen. Ein eventuell parkeringsplass i området vil liggje utanfor verneområdet, og må handsamast etter plan- og bygningslova.

### *Mål*

Å styre framtidig hogst i landskapsvernområdet ved hjelp av skogbruksplanar, slik at skogbiletet gradvis får meir preg av gjennomgåande eldre naturskog enn i dag.

### *Utfordringar*

- Å ta omsyn til verneføremålet samstundes som landbruksaktiviteten kan halde fram på ein måte som tek vare på dei aktive gardsbruka og fører til sysselsetjing, verdiskaping og trivsel.
- Halde oppe beitetrykket, utan nye, større tekniske landskapsinngrep.
- Leggje til rette for at grunneigarane skal kunne utnytte skogressursane innanfor rammene av verneregalne, med utgangspunkt i utarbeidd skogbruksplan.

***Retningsliner***

- Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald i samband med dyr på beite treng ikkje nærmare løyve, jf. pkt. 1.2 c i verneregl ane, men introduksjon av nye typar gjerdemateriale skal avklårast med forvaltingsstyresmakta. Anlegg og gjerde som kan kome i konflikt med mykje nytta turstigar i området skal avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, jf. pkt. 1.3 d i verneregl ane. Forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming.

***Forts. Retningsliner***

- Beite er tillate i heile verneområdet, jf. pkt. 2.2 i verneregl ane. Det er ynskeleg at beitebruk og husdyrrasar som har tradisjonar i området vert nytta.
- Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 d i verneregl ane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsla kan likevel gjødslast etter same praksis som ved vernetidspunktet, men ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til rydding av nytt innmarksbeite, jf. pkt. 1.3 e i verneregl ane. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsla skal ikkje gjødslast.
- Det trengst ikkje søkjast om løyve til vedhogst til eigen bruk for hytter, stølar ol. i landskapsvernområdet, eller hogst som er i samsvar med den godkjende skogbruksplanen for området, jf. pkt. 2.3 a-c i verneregl ane.
- Fylkesmannen og/eller lokalt SNO må få melding i god tid før ein tek til med tømmerhogst. Der plukkhogst i naturskog er aktuelt, er det viktig at eigaren og forvaltingsstyresmakta i fellesskap vert einige om retningslinene i skogbruksplanen ved å drøfte konkret kva tre som skal stå att.
- På grunn av faren for varige spor i landskapet, skal det ikkje køyrast ut tømmer over dei meanderande, rolege partia i Æneselva i periodar der marka er beresvak.
- Jf. pkt. 1.3 i verneregl ane, kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til *enkle driftsvegar* til mellombels bruk for uttak av kulturskog.

  **Enkle driftsvegar er i denne samanhengen vegar som med relativt liten innsats kan tilbakeførast til opphavleg terreng.** Fylling eller planering skal berre gjerast over korte strekningar og ikkje føre til meir enn 1 m avvik frå opphavleg terrengnivå. Sprenging er ikkje tillate.

***Forts. Retningsliner***

- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å byggje enkle driftsvegar til mellombels bruk for å ta ut kulturskog og nødvendig vedlikehald etter pkt. 1.2 i) i verneforskrifta.
- Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring treng ikkje særskilt løyve, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er å frakte utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt. Ein oppfordrar til samkøyring ved denne typen nyttetransport for å avgrense den motoriserte ferdsla i landskapsvernområdet.

***Oppfølgjande tiltak***

- Følgje opp innhaldet i utarbeidde skogbruksplanar.
- Informere dei aktuelle brukargruppene om landbruksdrifta i området, og eventuell motorferdsel i samband med dette.
- Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskapet.

## Friluftsliv

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg tilrettelegging. Friluftslova § 2 sikrar alle fri ferdsel i utmark, dvs. at ein kan ferdast fritt til fots i utmark. All ferdsel skal likevel skje *omsynsfullt og med tilbørleg varsemd.*

Vernereglane legg ikkje restriksjonar på den frie ferdselsretten, men etter pkt. 4.4 i vernereglane kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Tilrettelegging kan vere med å styre ferdsla.

Jakt og fiske er tillate etter gjeldene regelverk.

Tiltak for tilrettelegging skal ha omfang og standard i samsvar med verneføremålet. Dette er viktig for å hindre at tiltak for friluftslivet kjem i konflikt med verneføremål og vernereglar.

Aktivitetar som turgåing, kanopadling og fiske er vanlege i Ænesdalen, og vernereglane legg ikkje spesielle restriksjonar på slikt friluftsliv. Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på trasear som er godkjende for slik bruk, jf. pkt. 4.3 i vernereglane. Sporadisk bruk av hest er tillate, og her gjeld reglane i friluftslova. Sjå òg kapitelet om reiseliv.

Ænesdalen er eit viktig område for hjort. Det føregår noko sal av jaktrett på storvilt til gjestejegerar. Vernereglane legg ikkje restriksjonar på slik verksemd, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet. Men slik verksemd kan auke interessa for å hente ut felt storvilt frå utmarka ved hjelp av motorisert transportmiddel, ein aktivitet vernestyresmaktene ynskjer å avgrense.

***Mål***

Halde oppe området som eit attraktivt turområde som ligg til rette for eit enkelt friluftsliv. Tilrettelegging skal gå føre seg på ein naturvenleg måte, med vekt på det enkle friluftslivet.

***Utfordringar***

- Naturpreget i områda skal haldast ved like. Aktuelle tilretteleggingstiltak skal difor utførast med så små inngrep som mogleg.
- Nye uteaktivitetar kan verke negativt på verneføremålet eller kome i konflikt med verneføremålet.

***Retningsliner***

- Aktivitetar skal ikkje kome i konflikt med verneføremålet.
- Å ta vare på naturen og kulturlandskapet er overordna tilrettelegging for friluftsliv.
- Organisert turverksemd til fots i verneområdet er uproblematisk så lenge det går føre seg på ein måte og med eit omfang som ikkje skadar naturmiljøet. Anna organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 4.2 i vernereglane. Ved handsaming av slike søknader skal forvaltingsstyresmakta vurdere:
  - Om verksemda fører med seg særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.
  - Om verksemda er til trengsel for det enkle friluftslivet.
  - Om det kan setjast nærmare vilkår for eit eventuelt løyve.

  **Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**

- All organisert turverksemd (sjå definisjon ovanfor) må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta. Løyvet kan gjelde for ein periode (eitt år/sesong) og fleire planlagde organiserte turar. Krav om innrapportering før søknad om nytt løyve.
- Dersom det er tvil om organisert turverksemd til fots vil føre til skade på naturmiljøet, skal det søkjast råd hos forvaltingsstyresmakta.
- Sykling er forbode i terrenget og på turstigar, jf. pkt. 4.3 i vernereglane. Sykling på køyrevegar (traktor eller bilvegar) er tillate.
- For organisert bruk av hest gjeld same reglar som for sykling.
- Ein må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta for å setje opp skilt og annan utandørs informasjon, og det må vere avklåra med grunneigaren.

***Forts. Retningsliner***

- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med sikring av ferdsel å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa.
- Vedlikehald av merkte stigar, skilt, bruer og løyper er tillate, jf. pkt. 1.2 d i vernereglane. Vedlikehaldet skal følgje desse retningslinene:
  - Merking av eksisterande merkte ruter treng ikkje løyve etter vernereglane.
  - Vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Vardar og anna merking skal skje på slik måte som er vanleg i området.
  - Merking av fotruter skal følgje DNT-standard. Det er ynskjeleg at ein når ein merkjer stigar og vegar nyttar minst mogleg måling og raude T-ar.
  - Ein må aldri gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Raudmåling skal aldri målast på kulturminne, t.d. slik som gamle steingjerde, steinbuer osb.
  - Bruer og klopper skal haldast vedlike i samsvar med lokal/tradisjonell byggjeskikk, pkt 1.2 a. Nye bruer og klopper kan byggjast etter søknad til forvaltingsstyresmakta, jf. 1.3 f.
- Uttransport av felt storvilt:
  - Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt er tillate, jf. pkt. 5.2 d i vernereglane.
  - Motorferdsel på bakken vil berre vere tillate på eksisterande vegar og traktorvegar.
  - Bruk av helikopter til transport av felt vilt er lite ynskjeleg i landskapsvern-området. Slik transport er søknadspliktig til kommunen etter Lov om motorferdsel, og ein vil føre ein restriktiv praksis. Om det vert gjeve løyve frå kommunen, må det vise kor mange landingar (hiv), lokalitetar og kor mange turar t/r lokalitet det gjeld for. Transporten bør på førehand varslast Statens naturoppsyn.
  - Bruk av helikopter vert rekna som nødvendig berre dersom det ikkje finst andre løysingar for uttransport av felt vilt, og dersom det etter samla vurdering er mindre skadeleg for miljøet enn alternativ transport.

## Reiseliv og turisme

Ænesdalen har store opplevingskvalitetar og lett tilkomst. Reiselivet i regionen nyttar vernestatusen i marknadsføringa si, men trekkjer oftast fram Bondhusdalen og Buerdalen. Om vernet vil påverke talet på turistar til Ænesdalen er uvisst, men det er ikkje utenkjeleg at turisttrafikken kan auke næraste åra. Dette kan føre til større omfang av organisert, kommersiell ferdsel i Ænesdalen.

For reiselivet er det i fyrste rekkje pkt. 4 i verneregiane som vil ha innverknad på moglege aktivitetar. Det er ikkje forbod mot organisert turverksemd til fots så lenge dette går føre seg på ein slik måte og er av eit slikt omfang at naturmiljøet ikkje vert skadelidande. Anna organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta.

Ein er i dag ikkje kjend med at turverksemd i Ænesdalen har eit slikt omfang at det er i strid med verneføremålet. Forvaltingsstyresmakta skal i perioden fram til fyrste rullering av forvaltingsplanen følgje nøye med på utviklinga, og på grunnlag av dette vurdere om det er nødvendig med nærmare retningsliner for ferdsla i området. Organisert turverksemd må likevel ha løyve frå grunneigar og anna offentleg regelverk der dette er aktuelt.

Kva som vil vere tillate av tilrettelegging og informasjon vil òg kunne verke inn på kva reiselivet kan ha å tilby. Inne i verneområdet vil det ikkje vere tillate å føre opp nye bygningar eller å byggje om eller utvide eksisterande bygningar som reine reisleivsprodukt.

### *Mål*

Om interesserte aktørar vil utvikle miljøvenlege og framtidsretta reiselivsprodukt, må ein sikre at aktivitet og tilrettelegging ikkje er i strid med verneføremålet eller kan skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.

### *Utfordringar*

- Å dempe konfliktar mellom landbruksdrift og turisme, t.d. mellom fotturistar og motorferdsel, fotturistar og beitedyr, parkerte bilar og landbruksdrift.
- Sjå til at utvikling av reiselivsprodukt t.d. i samband med gardsturisme skjer utan at det aukar presset på motorferdsel eller anna fysisk tilrettelegging i området.

***Retningsliner***

- Reiselivstiltak som medfører fysiske inngrep i naturen, skal primært leggjast utanfor verneområdet.

I verneområdet er det ofte nær samanheng mellom friluftsliv og reiseliv. Retningsliner gjevne under friluftsliv vil difor òg gjelde for reiseliv og turisme.

***Oppfølgjande tiltak***

- Merking av dagens turrutenett etter retningslinene til DNT.
- Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad.

## Generelt om motorferdsel

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken.

I praksis betyr dette at ein i landskapsvernområda i fleire tilfelle kan nytte motorisert køyretøy utan å søkje om løyve. Slike tilfelle er lista opp under punkt 5.2 i verneregla-ne. Bruken skal vere *nødvendig* og gjeld for køyretøy på hjul eller belte (t.d. ATV), jf. Lov om motorferdsel. Bruk av fly eller helikopter må det alltid søkjast om løyve til.

Retningsliner for bruk av motorkøyretøy er elles gjevne under dei tematiske avsnitta.

*Om søknader og løyve*

Søknaden skal vere skriftleg og skal oversendast i god tid før planlagd transport, slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame søknaden. Søkjaren må leggje ved kart som syner ynskt trase eller lokalitet for transporten eller løyvet.

Søknad om motorferdsel må handsamast både i medhald av verneføresegna og lov om motorferdsel.

Søknad om motorferdsel skal sendast forvaltingsstyresmakta. Forvaltingsstyresmakta handsamar søknaden i medhald av verneføresegna. Forvaltingsstyresmakta sender kopi av vedtaket til den aktuelle kommunen. Kommunen må handsame søknaden etter Lov om motorferdsel.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast Direktoratet for naturforvalting, oppsynet (SNO) og den aktuelle kommunen samstundes med at vedtaket vert kunngjort til søkjaren. Søkjaren er pliktig til å innhente samtykke frå grunneigar til køyring eller landing.

# 8. HATTEBERGSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## 8.1. Verneføremål

Jf. § 2 i verneforskrifta er føremålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

Allmenta skal gjennom verneføremålet ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Nærleiken til det særmerkte kulturlandskapet ved Baroniet i Rosendal gjer det naturleg å sjå forvaltinga av Hattebergsdalen landskapsvernområde i nær samanheng med dette. Det er såleis særs viktig å halde kulturlandskapet i dalbotnen i god hevd, mellom anna ved å halde fram med beiting som i dag.

Hattebergsdalen skal halde oppe funksjonen sin som ein mykje nytta innfallsport til fjellmassiva innanfor. Saman med mektige fjell utgjer den varig verna Hattebergselva eit sentralt og viktig landskapstrekk. Bruer og tekniske installasjonar i verneområdet ser ikkje særleg vakre ut, og det bør det gjerast noko med så snart råd er.

## 8.2. Kort skildring av området

Hattebergsdalen landskapsvernområde er om lag 15,4 km$^2$. Landskapsvernområdet og nærområda representerer høge landskapskvalitetar. Nedanfor landskapsvernet, mot Rosendal, ligg kulturlandskapet rundt Baroniet, og langs Muradalen ligg det massive fjell som Malmangernuten og Melderskin. Desse fjella er særmerkte, og har vore motiv for fleire kjende kunstverk. I botnen av dalføret renn Hattebergselva, som har fleire særmerkte fossar og er varig verna mot kraftutbygging.

Hattebergsdalen vert gjerne omtala synonymt med Muradalen, men landskapsvernområdet er vesentleg større enn sjølve Muradalen og ein vesentleg del av verneområdet ligg i fjellet. Dei fleste utfordringane for forvaltinga har likevel med Muradalen å gjere.



*Ringeriksfossen. Foto: Anniken Friis*

Muradalen representerer ein viktig innfallsport til fjella mot Folgefonna, og fleire mykje nytta turløyper har utgangspunktet sitt her. Friluftsbrukarane representerer fleire ulike kategoriar. Mange av fjellvandrarane høyrer til lokalt eller i regionen, men mange kjem òg frå andre landsdelar eller utanlands frå. Det er grunn til å tru at den sistnemnde gruppa kan verte større i åra som kjem, ettersom området ligg nær turistattraksjonar som Baroniet og Rosendal. Hattebergsdalen er òg det næraste dalføret til nasjonalpark-

senteret i Rosendal, og eignar seg godt for dagsturar for folk som besøkjer senteret.

Vegen inn dalen er ikkje stengd med bom, men det er sett opp skilt. Det er lite ynskjeleg med mykje motorferdsel inne i landskapsvernområdet, og køyring utanom nyttekøyring er forbode, jf. pkt. 5 i vernereglane. I dag er det ikkje gode parkeringsforhold ved grensa til verneområdet. Spørsmålet om parkering for turgåarar må eventuelt takast opp med kommunen og handsamast etter plan- og bygningslova.

Hattebergsdalen er det landskapsvernområdet på Folgefonnhalvøya som er sterkast prega av landbruk. I den relativt flate dalbotnen i Muradalen finst ein del fulldyrka areal, men mesteparten av landbruksarealet her vert i dag brukt som innmarksbeite for sau og storfe. Det er planta fleire felt med gran i liene, men fleire av desse står vanskeleg tilgjengeleg for hogst. Lauvskogen dominerer skogbiletet, mest bjørk og gråor, men også noko varmekjære treslag som alm og ask.

Inst i dalen ligg Muradalen kraftverk, som er under opprusting. Anlegget som er under opprusting er frå 1953, men det har vore kraftproduksjon i området sidan 1919. Som del av kraftanlegget er det fleire tekniske installasjonar inne i landskapsvernområdet, som demningar ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng i elva og røyrgate.

Rosendal og Omland Vassverk har sidan 1950-talet nytta Hattebergselva som vasskjelde. I samband med opprustinga av Muradalen kraftverk vil vassinntaket etter planen verte lokalisert saman med kraftstasjonen.

## 8.3. Rammer og regelverk

Kva vernet av området inneber går fram av verneforskrifta § 3 (vernereglane).

Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå forvaltingsplanen kap. 5.2), men delar av landskapsvernområda omfattar i større grad òg område som er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går fyrst og fremst i kva som er eller kan vere tillate av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbodne, medan det i landskapsvernområda er forbod mot *inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter*.

Når det gjeld kulturminne viser ein til omtalen av kulturminne, kulturlandskap og byggjeskikk i omtalen av nasjonalparken, kap. 5.2 i forvaltingsplanen. Dei same retningslinene gjeld for landskapsvernområda.

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i nokon større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken (pkt. 5.2 og 5.3 i vernereglane).

## 8.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak

### Jord- og skogbruk

Jord- og skogbruksdrift skal kunne gå føre seg i landskapsvernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet. Dei forholda i vernereglane som i størst grad vedkjem landbruket er, pkt. 1.1 - 1.3, pkt. 2.2 - 2.3 og pkt. 5.1 - 5.2.

I nedre delar (sjølve Muradalen) er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet. I dag dreiar landbruksdrifta seg i hovudsak om beiting, og ingen av driftsbygningane i verneområdet er i aktiv bruk. Beiteareala er likevel lett tilgjengelege pga. grusvegen i dalbotnen.

Muradalen er elles mykje prega av gråoreskog. Mange stader er det stort innslag av døde tre som følgje av angrep frå orebladbil-

la. Gråorskogen er jamt over nokså ung, og representerer ein suksesjonsfase i attgroinga av tidlegare beitemark. Skogen nær dagens beitemark bør difor kunne skjøttast ved hogst, både for å frigjere beiteareal og av landskapsestetiske årsaker. Men av omsyn til biologiske verdiar bør ein del av trea få lov til å verte gamle.

Skogsdrifta i området dreiar seg i dag berre om vedhogst, og etter pkt. 2.3 a i vernereglane er det lov å halde fram med vedhogst til eigen bruk for hytter, stølar ol. i landskapsvernområdet. Framtidig vedhogst bør likevel ha som mål å spare den eldste lauvskogen, noko som ikkje minst er viktig for biologiske verdiar. Det er planta fleire teigar med gran og også noko lerk i Muradalen. Dette er framande treslag som på sikt bør fjernast. Skogen kan stå til han er hogstmoden, men det bør haldast kontroll med spreiing frå desse felta. Vernereglane opnar for å ta ut ståande kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst, og etablering av ny skog i desse felta, men ny kulturskog skal vere av stadeigne treslag (pkt. 2.3 b i vernereglane).

I Markaskòrane finn vi ein edellauvskog med hassel, ask og alm. Her er det innslag av styvingstre, som viser at skogen tidlegare har vorte hausta. Det vil likevel truleg vere best for dei biologiske verdiane her at skogen får utvikle seg naturleg, utan inngrep.

### *Mål*

Kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep. Det er eit langsiktig mål at skogen i verneområdet skal få meir naturskogpreg, med gjennomgåande eldre tre enn i dag. Innførte treslag skal på sikt fjernast. Den elvenære skogen er eit viktig landskapstrekk som òg bør få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### *Utfordringar*

- Å oppfylle verneføremålet samtidig som landbruksnæringa kan halde fram på ein måte som tek vare på dei aktive gardsbruka og fører til lokal sysselsetjing, verdiskaping og trivsel.
- Oppretthalde beitetrykket, utan nye, større tekniske landskapsinngrep.
- Å finne praktiske og gode løysingar for både turgåarar og beitebruk i kulturlandskapet langs vegen i Muradalen.
- Hogge ved i tråd med eit langsiktig mål om å auke alderen på skogen.
- Over tid å fjerne planta skog og hindre unge planter av framande treslag i å etablere seg utanfor plantefelta.

***Retningsliner***

- Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald i samband med dyr på beite treng ikkje nærmare løyve, jf. pkt. 1.2 e i vernereglane, men introduksjon av nye typar gjerdematerialar skal avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Det er tillate å setje opp nødvendige gjerde for store beitedyr langs ferdselsårene i Muradalen for å unngå konfliktar mellom beitedyr og turgåarar, jf. pkt. 1.2 e i vernereglane. Plassering og materialbruk må avklårast med forvaltingsstyresmakta. Elektriske gjerde som vert tekne ned etter bruk treng ikkje førehandsgodkjenning. Anlegg for sanking av beitedyr og gjerdehald i område, som kan kome i konflikt med mykje nytta turstigar i området, skal avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 f i vernereglane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsla kan likevel gjødslast etter same praksis som ved vernetidspunktet, men ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.
- Ein må søkje om å få setje opp le for utegangarfe, jf. pkt. 1.3 d i vernereglane, og forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av material og utforming.

***Forts. Retningsliner***

- Beiting er tillate i heile verneområdet, jf. pkt. 2.2 i vernereglane. Det er ynskeleg at beitebruk og husdyrrasar som har tradisjonar i området vert nytta.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite, jf. pkt. 1.3 e i vernereglane. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsla skal ikkje gjødslast.
- Det er lov å hogge ved til hytter, stølar ol. i landskapsvernområdet og til å hogge ståande kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst. Hogst i samsvar med plan er også tillate, jf. pkt. 2.3 a-c i vernereglane. Desse retningslinene gjeld:
  - Det skal ikkje hoggast store flater, jf. Levende Skog standard.
  - Hogsten skal konsentrerast om å ta ut bjørk, selje, gråor og framande treslag. Alm, ask, hassel, og andre varmekjære treslag skal få stå, også osp og hegg.
  - Det skal leggjast til rette for foryngring av varmekjære treslag der det er naturleg.
  - Det skal ikkje hoggast i edellauvskogen i Markaskòrane slik han er avgrensa i Naturbasen (www.naturbase.no).
  - Ein skal hogga på ein slik måte at skogbiletet vert utvikla i retning av eldre skog. Større tre av stadeigne treslag skal difor stå att.
  - Også ein del unge tre bør stå att av omsyn til framtidig vedhogst.
  - Døde tre skal ikkje hoggast, heller ikkje parti med død skog, utan etter samråd med forvaltingsstyresmakta. Rotvelta tre kan fjernast dersom dei høver til ved.
  - Elvenær gråoreskog skal ikkje hoggast. Med elvenær meiner ein her arealet mellom grusvegen og elva, og eit belte på 75 m frå elva på motsett side. Dette gjeld også døde tre langs elva.
  - Teigar med planta gran og lerk som er økonomisk interessante for hogst, kan stå til dei er hogstmodne, men skal då fjernast heilt. I den grad desse areala vert tilplanta etter hogst, skal dette skje med stadeigne treslag.

***Forts. Retningsliner***

  - Teigar med planta gran og lerk som står slik til at dei ikkje er økonomisk interessante for hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak i den grad forvaltingsstyresmakta finn dette tilrådeleg innan gjeldande budsjettrammer. På slike areal skal det etter eventuell hogst skje naturleg foryngring med stadeigne treslag, og unge planter av gran og lerk skal fjernast etter kvart.
  - Det skal gjevast melding til forvaltingsstyresmakta og lokalt oppsyn når og kvar ein tek til med hogst. Forvaltingsstyresmakta og det lokale landbrukskontoret kan gje tilleggsråd om korleis hogsten bør tilpassast det aktuelle området.
- Jf. pkt. 1.3 i vernereglane, kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til *enkle driftsvegar* til mellombels bruk for uttak av kulturskog.

  **Enkle driftsvegar er i denne samanhengen vegar som med relativt liten innsats kan tilbakeførast til opphavleg terreng.** Fylling eller planering skal berre gjerast over korte strekningar og ikkje føre til meir enn 1 m avvik frå opphavleg terrengnivå. Sprenging er ikkje tillate.
- Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er frakting av utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt.

***Forts. Retningsliner***

- Vedlikehald av veg er tillate etter pkt. 1.2 c i vernereglane. **Vedlikehald av veg betyr arbeid som skal halde vegen av tilsvarande standard som ved vernetidspunktet.** Slikt arbeid er m.a. å fjerne tre og buskar i vegbana, å reinske grøfter og å reparere vegen ved store nedbørsmengder, å fjerne nedrasa stein o.l. Også vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegane er å rekne som vegvedlikehald. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og grøfting, men ikkje endring til anna vegdekke. Når det gjeld grusing omfattar dette berre fornying av berelag/slitelag der dette finst frå før. Ynskjer ein t.d. å grusleggje ein graskledd traktorveg, må dette godkjennast av forvaltingsstyresmakta. Det er ikkje tillate å leggje om traseen eller auke vegbreidda utan løyve frå forvaltingsstyresmakta.
- Har vegen anna føremål, kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

***Oppfølgjande tiltak***

- Oppnå samordning av og samhandling med offentlege økonomiske ordningar for å sjå til at kvalitetane i kulturlandskapet vert sikra både i landskapsvernområdet og i kulturlandskapet knytt til Baroniet.
- Hogge planta gran og lerk når bestandane er hogstmodne, og hindre at desse treslaga spreier seg utanfor plantefelta.
- Gjennomføre ny registrering av edellauvskogen i Markaskòrane, i tråd med DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvalting 1999).

## Friluftsliv og reiseliv/turisme

Hattebergsdalen ligg nært tettstaden Rosendal, som i alle fall i sommarhalvåret har god tilstrøyming av turistar. Mange av dei tilreisande kjem for å sjå Baroniet, men mange er også ivrige friluftsfolk. Det er ikkje urimeleg å tru at tilstrøyminga av friluftsinteresserte turistar vil auke med åra, og Hattebergsdalen vil då kunne verte ein endå viktigare innfallsport enn han alt er.

Mange av turane med utgangpunkt i Rosendal vil vere dagsturar, og ikkje alle har høve til å nytte dei merkte turløypene mot fjellet. Muradalen er lett tilgjengeleg, og denne delen av landskapsvernområdet kan gjerast meir attraktiv for turbruk enn tilfellet er i dag, sjølv med små grep, som betre skilting, parkeringsforhold og inngjerding av beitedyr, utan at dette bryt med verneføremålet.

Utvidinga av kraftstasjonen og nytt vassverk vil kunne påverke opplevingskvalitetane i landskapsvernområdet negativt. Særleg i anleggsfasen vil naturinngrepa kunne opplevast som store og skjemmande. På sikt vil inngrepa verte mindre tydelege, men det vil ta lang tid før naturområda gror til, og røyrgata må, så lenge kraftverket er i drift, haldast fri for større tre av omsyn til røyra. Det er viktig at oppryddinga etter opprustinga av kraftverket vert effektiv, slik at vegetasjon får etablert seg raskast mogleg. Kraftleidningen ut av dalen må leggjast som jordkabel.

Det er ikkje forbod mot motorferdsel på grusvegen i Muradalen, men grunneigarane tillet normalt ikkje bruk av motorkøyretøy utover nødvendig ferdsel i samband med landbruksdrift og drift og vedlikehald av kraftstasjonen. Vegen er ikkje stengd med bom, men det er sett opp skilt. Ved skiltet er det parkeringsplass, men denne kan verte for liten i framtida.

På sikt kan det vere nødvendig å følgje utviklinga når det gjeld bilkøyring i landskapsvernområdet. Ifølgje pkt. 5.4 i vernereglane, kan forvaltingsstyresmakta forby eller regulere motorferdsla dersom dette er nødvendig for å sikre verneføremålet.

Hattebergsdalen vert årleg nytta i samband med feltskyting. Arrangementet vert lagt til ei helg tidleg om våren. Aktiviteten fører ikkje til inngrep i landskapet, og vil slik ikkje vere i strid med verneføremålet. Aktivi-

teten skjer òg til ei tid på året då turtrafikken gjennom området er låg. Det er viktig at denne aktiviteten ikkje kjem i konflikt med turgåing og friluftslivet sine vilkår i dalen, og tidspunktet for arrangementet vil difor vere ope for diskusjon.

Fotturen ”Folgefonna på langs” går i hovudsak frå Rosendal, Jondal, Blådalen eller Reisete om Revavatn. Hattebergsdalen er nytta som nedgangspunkt for denne turen.



*Breføring til turlagsshytta på Holmaskjær. Foto: Anne Rudsengen*

### *Mål*

Å leggje til rette for utvikling av området i reiselivssamanheng, med hovudvekt på friluftsbrukarar og naturinteresserte som ikkje treng motorisert transport eller tyngre tilrettelegging. Det er naturleg å tenkje fellesaktivitetar med Baroniet, og også opplegg med utgangspunkt i nasjonalparksenteret.

- Sjølv om vernereglane ikkje seier noko om motorisert ferdsel på vegen inn til Muradalen kraftstasjon, bør det vere eit mål at det vert minst mogleg slik ferdsel.

### *Utfordringar*

- Knyte til seg alliansepartnarar og nytte etablerte tilskotsordningar for å byggje om bruene langs grusvegen inn til kraftstasjonen i Muradalen til ein meir tradisjonell og estetisk tiltalande stil.
- Utvikle potensialet for turbrukarar, t.d. ved å rydde alternativ turveg i Muradalen.
- Å betre informasjonen om turpotensialet i området.
- Å sjå til at turaktiviteten ikkje kjem i konflikt med etablerte aktivitetar i området, som t.d. husdyrhald.

***Retningsliner***

- Aktivitetar skal ikkje kome i konflikt med verneføremålet.
- Å ta vare på naturen og kulturlandskapet er overordna tilrettelegging for friluftsliv.
- Organisert turverksemd til fots i verneområdet er uproblematisk så lenge det går føre seg på ein måte og med eit omfang som ikkje skadar naturmiljøet. Anna organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 4.2 i vernereglane. Ved handsaming av slike søknader skal forvaltingsstyresmakta vurdere:
  - Om verksemda fører med seg særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.
  - Om verksemda er til trengsel for det naturvenlege friluftslivet.
  - Om det kan setjast nærmare vilkår for eit eventuelt løyvet.

  **Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**
- All organisert turverksemd (sjå definisjon ovanfor) må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta. Løyvet kan gjelde for ein periode (eitt år eller sesong) og fleire planlagde organiserte turar. Krav om innrapportering før søknad om nytt løyve.
- Dersom det er tvil om organisert turverksemd til fots vil eller kan føre til skade på naturmiljøet, skal det søkjast råd hos forvaltingsstyresmakta.
- For å setje opp skilt og annan utandørs informasjon skal ein ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, og det må vere avklåra med grunneigar.
- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med sikring av ferdsel å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa.

*Forts. Retningsliner*

- Vedlikehald av merkte stigar, skilt, bruer og løyper er tillate. Slikt vedlikehald skal følgje desse retningslinene:
  - Merking av eksisterande, merkte ruter treng ikkje løyve etter vernereglane.
  - Vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området.
  - Merking av fotruter skal følgje DNT-standard, men det er ynskjeleg at ein nyttar minst mogleg måling og raude T-ar.
  - Ein må ikkje gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Raudmåling skal aldri brukast på kulturminne.
  - Ein skal ta omsyn til flora og fauna når ein merkjer stigar.

- Bruer og klopper skal haldast vedlike i samsvar med lokal/tradisjonell byggjeskikk. Nye bruer og klopper kan byggjast etter søknad til forvaltingsstyresmakta, jf. 1.3 f. Ein treng ikkje søkje om å byggje opp att godkjende bruer og klopper som er borte, til dømes på grunn av flaum.

- Motorferdsel på grusvegen inn til Murabotn er ikkje underlagt særskilte restriksjonar etter vernereglane, men grunneigarane sine restriksjonar på motorferdsel for dei utan bruksrett bør halde fram.

- Tiltak for friluftsliv som medfører fysiske inngrep, skal helst leggjast utanfor verneområdet. Eit unnatak er restaurering av bruer langs vegen til kraftstasjonen og over Hattebergselva.

- Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge aktivitetane ikkje fører til at naturmiljøet vert skadelidande. Er det tvil om eit tiltak vil gje skade på naturmiljøet, skal det søkjast råd hos forvaltingsstyresmakta.

- Sykling er berre tillate på grusvegen i Muradalen.

- Organisert ferdsel med hest er tillate på grusvegen i Muradalen. Sporadisk bruk av hest er tillate i heile verneområdet.

*Forts. Retningsliner*

- Uttransport av felt storvilt:
  - Nødvendig motorferdsel for å transportere ut felt storvilt er tillate, jf. pkt. 5.2 d i vernereglane.
  - Motorferdsel på bakken bør skje på eksisterande vegar og traktorvegar.
  - Bruk av helikopter til transport av felt storvilt er lite ynskjelege i landskapsvernområdet. Slik transport er søknadspliktig til kommunen etter lov om motorferdsel, og kommunen vil føre ein restriktiv praksis. Om det vert gjeve løyve frå kommunen, må det slå fast kor mange landingar (hiv), kva lokalitetar og kor mange turar t/r lokalitet. Transporten bør på førehand varslast Statens naturoppsyn.
  - Bruk av helikopter vert rekna som nødvendig berre dersom det ikkje finst andre løysingar for å transportere ut felt vilt, og dersom det etter samla vurdering er mindre skadeleg for miljøet enn alternativ transport.

*Oppfølgjande tiltak*

- Dersom oppgraderinga av Muradalen kraftverk skulle føre til at grusvegen inn til kraftverket må utbetrast, må det samstundes setjast krav til at bruene over sideelvane til Hattebergselva vert skifta ut og at dei nye vert bygde i ein tradisjonell og meir estetisk tiltalande stil. Utforming må avklårast med forvaltingsstyresmakta.

- Langs vestsida av Hattebergselva kan det opparbeidast ny turstig, etter at trasé er avklåra med forvaltingsstyresmakta. Ein føresetnad er at turstigen kan nyttast som ei rundløype saman med den eksisterande grusvegen, men det skal ikkje leggjast opp til turbruk med hest eller sykkel.

### Drift og vedlikehald av tekniske anlegg

Kvinnherad Energi AS driv Muradalen kraftverk med kraftstasjon inst i Muradalen, om lag 4,5 km aust for Rosendal sentrum. Hattebergselva er varig verna mot ny kraftutbygging, og sjølve kraftstasjonen med

damanlegg ligg inne i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Miljøverndepartementet har på visse vilkår gjeve løyve til å byggje kombinert vassbehandlingsanlegg og kraftstasjon der den gamle kraftstasjonen stod. Endeleg utforming av eit slikt anlegg er ikkje avklåra.

Inne i landskapsvernområdet ligg elles fleire installasjonar knytte til kraftanlegga, som demningar og pumpehus ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng, røyrgate og kraftline. Ved opprusting av kraftverket vil kraftlina verte lagd i nedgraven kabel.

Verneforskrifta opnar for aktivitet knytt til drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. punkt 1.2 b i vernereglane. Motorferdsel i samband med dette skal skje i samsvar med motorferdselslova. Dersom motorferdsel er påkravd i samband med akutt utfall, kan melding om motorferdsel sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant. Også oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt er tillate utan nærmare løyve, når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar.

***Retningsliner***

- Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg skal haldast på lågast mogleg nivå. Dersom det ligg til rette for det, skal den motoriserte ferdsla samordnast med andre brukarar i området.
- Motorisert ferdsel i samband med akutt utfall skal meldast til forvaltingsstyresmakta/Statens naturoppsyn så raskt som råd.

## Generelt om motorferdsel

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken.

I praksis betyr dette at ein i landskapsvernområda i fleire tilfelle kan nytte motorisert køyretøy utan å søkje om løyve. Slike tilfelle er lista opp i punkt 5.2 i vernereglane. Bruken skal vere *nødvendig* og gjeld for køyretøy på hjul eller belte (t.d. ATV), jf. Lov om motorferdsel. Bruk av fly eller helikopter må det alltid søkjast om løyve til. Retningsliner for bruk av motorkøyretøy er elles gjevne under dei tematiske avsnitta.

***Om søknader og løyve***

Søknaden skal vere skriftleg og må oversendast i god tid før planlagd transport, slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame søknaden. Søkjaren må leggje ved kart som syner ynskt trase eller lokalitet for transporten og løyvet.

Søknad om motorferdsel må handsamast både i medhald av verneføresegna og lov om motorferdsel.

Søknad om motorferdsel skal sendast Forvaltingsstyresmakta. Forvaltingsstyresmakta handsamar søknaden i medhald av verneføresegna. Forvaltingsstyresmakta sender kopi av vedtaket til den aktuelle kommunen. Kommunen må handsame søknaden etter Lov om motorferdsel.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast Direktoratet for naturforvalting, oppsynet (SNO) og den aktuelle kommunen samstundes med at vedtaket vert kunngjort til søkjaren. Søkjaren pliktar å innhente samtykke frå grunneigar til køyring eller landing.

# 9. BUER LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## 9.1. Verneføremål

Jf. verneforskrifta § 2, er føremålet med Buer landskapsvernområde å :

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet.
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald.
- sikre verdfull vassdragsnatur.
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

I Buerdalen er tidlegare jordbruksareal og beitelandskap i attgroing. I den grad det er mogleg, bør eksisterande landbruksdrift halde fram og gjerne utviklast saman med turisme. Aktivitetane skal likevel ikkje medføre inngrep som vesentleg endrar karakteren i landskapet, og Buerdalen skal vere mest mogleg fri for nye, større inngrep. Når det gjeld skogbiletet, er det ynskjeleg at det vert satsa på å utvikle dette med stadeigne treslag, og at skogen får ein gjennomgåande høgare alder enn i dag. Mest mogleg av kulturskogen av gran bør fjernast frå landskapsvernområdet når teigane er hogstmodne.

## 9.2. Kort skildring av området

Buerdalen ligg i Odda kommune og strekkjer seg frå austsida av Sandvinvatnet inn mot Folgefonna. Samla areal av landskapsvernområdet er om lag 21,3 $km^2$.

Buerdalen er smal og vill, med høge, stupbratte dalsider. Vegetasjonen i dei to dalsidene er svært ulik. Skog med bjørk og gråor og mykje bregnar i feltsjiktet dominerer i den nordvende lia. I den sørvende lia er det meir eller mindre samanhengjande edellauvskog. Den varmekjære skogen står i stor kontrast til brearmen som ligg berre ein dryg kilometer unna.

Det er jamt over gode vekstforhold i dalen, men fordi det vert fort bratt er berre små areal eigna for dyrking. I dag har jordbruksdrifta i Buerdalen lite omfang. Skogen veks godt, og det gamle jordbrukslandskapet, som ikkje lenger vert halde i hevd, er i ferd med å gro til med lauvskog. Det er òg planta noko gran i dalen.



*Buer landskapsvernområde. Foto: Anniken Friis*

Buerdalen er mellom dei viktigaste innfallsportane til Folgefonna og fjellområda rundt, og vert nytta av både lokale turfolk og tilreisande. Buerbreen er ein av dei lettast tilgjengelege brearmane på Folgefonna, og har nasjonal verdi som område for breklatring og som turistattraksjon. Området har òg verdi som lokalt turområde. Tilstrøyminga av turistar er stor, og vil kunne vekse endå meir i framtida. Korkje vegen, parkeringsplassen eller dei sanitære forholda ved Buer er i dag gode nok når ein ser på kor mange som besøkjer området.

Einaste vegen i området er den kommunale

vegen langs elva i dalbotnen. Vegen byrjar på sørsida av elva og kryssar elva om lag ved vernegrensa og held fram på nordsida, med bru over elva igjen ved den øvste garden, Buer. Garden, vegen og litt areal langs denne er halde utanfor landskapsvernområdet.

Vegen er smal og til tider rasfarleg, og har stor turtrafikk i høgsesongen om sommaren. Å få til tilfredsstillande vegløysing og erosjonssikring er særleg viktig for dei to fastbuande familiane på Buer, men òg for dei som bur langs vassdraget lenger nede og for turistane som besøkjer dalen. Dette ansvaret ligg primært til Odda kommune, men det vil vere naturleg for kommunen å samarbeide med forvaltingsstyresmakta om desse spørsmåla.

I Støladalen og eit område kring Nedre Kvanngrødvatn vart det i år 2000 registrert kulturminne i samband med planar om vasskraftutbygging av vassdraga i området (Hordaland fylkeskommune 2000). Her vart det funne til saman sju automatisk freda kulturminne (to tufter, to hellerar, ei kokegrop, ei steinblokk med 30 skålgroper og ein profil med driftsspor å stølsvollen) og fleire nyare kulturminne.



*Grunnmur av gamalt hotell i Buerdalen. Foto: Anniken Friis*

I 2002 vart det også gjort ei kulturminneregistrering i område ved Liasete og Buervatnet (Hordaland fylkeskommune 2002) i samband med verneplanarbeidet for Folgefonna nasjonalpark. Her vart det påvist ein del kulturminne frå nyare tid.

Kor viktige desse funna er i ein større samanheng er ikkje gjort greie for i detalj, og det føreligg heller ikkje noko rettleiing for korleis ein best kan skjøtte desse førekomstane framover. Det bør vere eit mål for forvaltinga at slike vurderingar vert gjort i planperioden, der kanskje også andre område med potensielle kulturminne innanfor landskapsvernområdet vert undersøkte.

## 9.3. Rammer og regelverk

Kva vernet av området inneber går fram av verneforskrifta § 3 (vernereglane).

Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå kap. 5.2.), men delar av landskapsvernområda omfattar i større grad òg område som er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går fyrst og fremst i kva som er eller kan vere tillate av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbodne, medan det i landskapsvernområda er forbod mot *inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapskarakteren.*

Sjå elles omtalen av kulturminne, kulturlandskap og byggjeskikk i skildringa av nasjonalparken, kap. 5.2 i forvaltingsplanen. Dei same retningslinene gjeld for landskapsvernområda.

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i nokon større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken (pkt. 5.2 og 5.3 i vernereglane).

## 9.4. Brukarinteresser – skildring, retningsliner og oppfølgjande tiltak

### Jord- og skogbruk

Jord- og skogbruksdrift skal kunne halde fram som før og gå føre seg i landskaps-

vernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet. Dei forholda i vernereglane som i størst grad vedkjem landbruket er, pkt. 1.1 - 1.3, pkt. 2.2 - 2.3 og pkt. 5.1 - 5.2.

Vedhogst for sal er framleis vanleg. I Buerdalen er det òg vanleg å selje skog på rot, dvs. at folk kan hogge sin eigen ved i ymse teigar innover i dalen.

I Buerdalen er det opp gjennom åra sett opp ymse sikringstiltak mot elva. I 2009 vart fleire gamle bruer over elva skifta ut med nye stålbruer, og stigen er lagt om på somme stader. Også i framtida vil det vere trong for nye sikringstiltak, både mot elva og med tanke på rasfaren i området. Desse tiltaka vil vere med på å gjere området tryggare, og redusere faren for skadar på bygningar, veg og jordbruksareal på Buer og i områda langs elva.

### *Mål*

Landbruksdrifta skal kunne halde fram og utvikle seg innanfor regelverket. God dialog og godt samarbeid med dei som driv landbruk og turisme i området er nødvendig, og ein bør stimulere til målretta bruk av miljøpolitiske økonomiske virkemiddel i landbruket for å oppnå dette målet.

### *Utfordringar*

- Å ta omsyn til verneføremålet samstundes som landbruksnæringa kan halde fram på ein måte som tek vare på dei aktive gardsbruka og fører til sysselsetting, verdiskaping og trivsel.
- Halde oppe beitetrykket, utan nye, større tekniske landskapsinngrep.
- Hogge ved i tråd med eit langsiktig mål om å auke alderen på skogen.

### *Retningsliner*

- Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald i samband med dyr på beite treng ikkje nærmare løyve, jf. pkt. 1.2 c i vernereglane, men om ein vil nytte nye typar gjerdematerialar skal det avklårast med forvaltingsstyresmakta. Anlegg og gjerde som kan kome i konflikt med mykje nytta turstigar i området skal avklårast med forvaltingsstyresmakta.
- Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 d i vernereglane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsla kan gjødslast etter same praksis som ved vernetidspunktet. Ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.
- Etter pkt. 1.3 e i vernereglane kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite. I samband med landskapsvernet kan det vere ynskjeleg med beiterydding og hogst som fremjar kulturlandskapet.
- Beite er tillate i heile verneområdet, jf. pkt. 2.2 i vernereglane. Det er ynskjeleg at beitebruk og husdyrrasar som har tradisjonar i området vert nytta.
- Eldre, styvde lauvtre kan styvast på nytt, men strategi og omfang må fyrst avklårast med forvaltingsstyresmakta. Rundt styvde tre bør skogen ryddast eller tynnast, slik at styvingstrea får nok rom og lys.

***Forts. Retningsliner***

- Det er tillate å hogge ved til eigen bruk og å hogge ståande kulturskog, jf. pkt. 2.3 a-c i vernereglane. Hogst i samsvar med plan er òg tillate. Desse retningslinene gjeld:
  - Det skal ikkje hoggast store flater, jf. Levende Skog standard.
  - Hogsten skal konsentrerast om bjørk, selje, gråor og framande treslag. Alm og andre varmekjære treslag skal få stå, også osp og hegg.
  - Ein skal leggje til rette for forynging av varmekjære treslag der desse veks naturleg.
  - Skog og enkelttre av framande treslag, som er resultat av sjølvfrøing, bør fjernast.
  - Ein skal hogge slik at skogbiletet vert utvikla i retning av eldre skog. Større tre av stadeigne treslag skal difor stå att.
  - Også ein del unge tre bør stå att av omsyn til framtidig vedhogst.
  - Døde tre skal stå att. Rotvelter kan fjernast dersom dei kan brukast til ved.
  - Elvenær gråoreskog og døde tre langs elva skal ikkje hoggast.
  - Når ein vil hogge kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst, skal forvaltingsstyresmakta og det lokale landbrukskontoret varslast og gje råd om korleis det bør gjerast. Teigar med planta gran, som er økonomisk interessante for hogst, kan stå til dei er hogstmodne, men bør då fjernast heilt. I den grad areala vert tilplanta etter hogst, skal dette skje med stadeigne treslag.
  - Det skal gjevast melding til forvaltingsstyresmakta og/eller lokalt oppsyn om når og kvar ein tek til med hogst, og forvaltingsstyresmakta kan gje tilleggsråd om korleis hogsten bør gjerast.

- Jf. pkt. 1.3 i vernereglane, kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til *enkle* driftsvegar til mellombels bruk for å ta ut kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst. **Enkle driftsvegar er i denne samanhengen vegar som med relativt liten innsats kan tilbakeførast til opphavleg terreng.**

***Forts. Retningsliner***

Fylling eller planering skal berre gjerast over korte strekningar og ikkje føre til meir enn 1 m avvik frå opphavleg terrengnivå. Sprenging er ikkje tillate.

- Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er å frakte utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt.
- Bruk av snøskuter eller helikopter for å transportere materialar, utstyr og proviant til hytter, stølshus ol. må det søkjast om løyve til etter pkt 5.3 b i vernereglane.
- Trasé for motorferdsel på vinterføre til Buerstølen går frå Espeland via Sauanuten til Buerstølen. Traseen går difor innom grensa til nasjonalparken. Løyve til snøscootertransport her vil difor gjelde både nasjonalparken og landskapsvernområdet.
- Ein kan rydde buskar og kratt i traseen for skuterløypa mellom Buer og opp til vedateigen ved Langgrød utan særskilt løyve, jf. pkt. 1.2 b i vernereglane. Nødvendig motorferdsel i samband med dette er tillate jf. pkt. 5.2 b.
- For å ta ut massar frå elva, og andre tiltak i og langs elva, må ein ha løyve etter verneforskrifta. Slikt uttak må ikkje føre til endra elvelaup, breidd eller liknande på elva, eller at kantsona vert skadd/endra som følgje av uttaket. Det beste er om ein tek ut massane utanfor verneområdet. Tiltak må vere godkjende av NVE og kommunen etter vassressurslova og rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag.
- Det kan vere aktuelt å hente stadeigne massar frå område utanfor elva. Slike masseuttak skal vere godkjende av forvaltingsstyresmakta.
- Tiltak i regi av NVE skal skje i samråd med forvaltingsstyresmakta.

> ***Oppfølgjande tiltak***
>
> - Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskapet.
> - Setje opp gjerdeklyvarar ved dei mest nytta grindene.

## Friluftsliv

Føremålsparagrafen i verneregiane seier at allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom å utøve tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg tilrettelegging. Friluftslova § 2 sikrar alle fri ferdsel i utmark, dvs. at ein kan ferdast fritt til fots i utmark. All ferdsel skal likevel skje *omsynsfullt og med tilbørleg varsemd.*

Verneregiane legg ikkje restriksjonar på den frie ferdselsretten, men etter pkt. 4.3 i verneregiane kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Tilrettelegging kan vere med på å styre ferdsla.

Jakt og fiske kan skje etter gjeldande regelverk.
Tiltak for tilrettelegging skal ha omfang og standard i samsvar med verneføremålet. Dette er viktig for å hindre at tiltak for friluftslivet kjem i konflikt med verneføremål og vernereglar.

I Buerdalen er det store utfordringar knytte til tilrettelegging for eit stort og aukande tal turistar som går frå Buer opp til Buerbreen. Årleg går opp mot 24 000 turistar tur i området. Nærleiken til breen og elvane, bratt terreng og tidvis stor vassføring, kombinert med stor turisttrafikk, gjer det særleg nødvendig å leggje til rette og vedlikehalde stigar og bruer i dette området. Dette er viktig for å førebyggje ulykker, og for på førehand å leggje forholda best mogleg til rette for at eventuelle redningsaksjonar i området skal kunne gjennomførast trygt og effektivt.

### *Mål*

Å halde oppe området som eit attraktivt turområde der det skal liggje godt til rette for eit enkelt og naturvenleg friluftsliv. Tilstrøyminga av turistar må ikkje verte så stor at naturmiljøet tek skade. Området skal leggjast til rette på ein naturvenleg måte og med vekt på det enkle friluftslivet.

### *Utfordringar*

- Naturpreget i områda skal haldast ved like. Aktuelle tilretteleggingstiltak skal difor utførast med så små inngrep som mogleg.
- Å styre av nye aktivitetar som kan verke negative på naturgrunnlaget eller kome i konflikt med verneføremålet.

> ***Retningsliner***
>
> - Aktivitetar skal ikkje kome i konflikt med verneføremålet.
> - Å ta vare på naturen og kulturlandskapet er overordna tilrettelegging for friluftsliv.
> - Organisert turverksemd til fots i verneområdet er uproblematisk så lenge det føregår på ein måte og med eit omfang som ikkje skadar naturmiljøet. Anna organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 4.2 i verneregiane. Ved handsaming av slike søknader skal forvaltingsstyresmakta vurdere:
>   - Om verksemda fører med seg særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.
>   - Om verksemda er til trengsel for det naturvenlege friluftslivet.
>   - Om det kan setjast nærmare vilkår for eit eventuelt løyve.
>
>   **Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**

***Forts. Retningsliner***

- All organisert turverksemd (sjå definisjon ovanfor) må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta. Løyvet kan gjelde for ein periode (eitt år eller sesong) og fleire planlagde organiserte turar. Krav om innrapportering før søknad om nytt løyve.
- Dersom det er tvil om organisert turverksemd til fots vil gje skade på naturmiljøet, skal det søkjast råd hos forvaltingsstyresmakta.
- Den organiserte ferdsla (sjå definisjon ovanfor) i området rundt Buerbreen skal ha særskilt løyve. I eit løyve til slik ferdsel skal det setjast vilkår om m.a. teltplass og sanitære forhold. Etablering av *faste* leirplassar i samband med organisert turverksemd til fots, skal vere avklåra med forvaltingsstyresmakta, grunneigar og aktuelle turlag.
- Sykling er forbode i terrenget og på tur- og ridestigar, men tillate på vegar eller trasear som er godkjende for slik bruk jf. pkt 4.4 i verneforskrifta.
- Det er ikkje forbod mot sporadisk bruk av hest i landskapsvernområdet. Organisert bruk av hest er berre tillate på den gamle ridetraseen opp lia frå Tokheim. Reglane for bruk av hest etter friluftslova gjeld.
- For å setje opp skilt og annan utandørs informasjon skal ein ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, og det må vere avklåra med grunneigaren.
- Vedlikehald og oppmerking av stigar, skilt, bruer og løyper skal følgje same retningslinene som er gjevne for nasjonalparken (kap 5.3).
- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med sikring av ferdsla å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg eller anlegg.
- Punktet om uttransport av felt storvilt har falle ut frå verneforskrifta for Buer landskapsvernområde. I mangel på direkte heimel, vil det difor kunne verte aktuelt å nytte § 48 i naturmangfaldlova. Dei same retningslinene vil gjelde for Buerdalen som for dei andre landskapsvernområda.

***Forts. Retningsliner***

- Punktet om uttransport av felt storvilt har falle ut frå verneforskrifta for Buer landskapsvernområde. I mangel på direkte heimel, vil det difor kunne verte aktuelt å nytte § 48 i naturmangfaldlova. Dei same retningslinene vil gjelde for Buerdalen som for dei andre landskapsvernområda.

## Reiseliv og turisme

Buerdalen har stor tilstrøyming av turistar, både i form av organiserte turar og enkeltpersonar. Parkeringsplassen er ikkje stor nok til dagens trafikk og heller ikkje godt arrondert, og dei sanitære tilhøva er mangelfulle. Ei auka tilstrøyming av turistar vil forsterke desse problema.



*Buerbreen har vore ein turistattraksjon i lang tid.*

Alt i dag er den organiserte ferdsla til fots i Buerdalen i ferd med å nå eit punkt der det kan vere fare for at naturmiljøet vert skadelidande. Arrangørane av organisert turverksemd er m.a. folkehøgskular, leirskular, vidaregåande skular, DNT og speidarar. På det travlaste kan det vere opp til 100 menneske på overnatting i området samstundes. Telting skjer for det meste på to utslåttar ved foten av Gletthaug. Med dette omfanget trengst det m.a. toalett og det er mogleg teltinga bør styrast til tilviste teltplassar.
Det er løyvd midlar til toalett i Buerdalen, og i samarbeid med grunneigar og kommunen vert det arbeidd med å finne gode nok løysingar for dei sanitære forholda.
Lokalt reiseliv ynskjer naturleg nok å skaffe

seg inntekter av turisttrafikken i området. Til dømes har Bjørn Buer, busett på Buer, sidan 1993 drive Hardanger Breføring. Aktivitetane er for det meste breføring og brekurs. Til desse aktivitetane vert turisthyttene ved Holmaskjer og Fonnabu nytta til overnatting i tillegg til telt. Også selet på Buerstølen og husa på garden vert nytta i samband med breføringa. Aktivitetane har kravd lite teknisk tilrettelegging, men det er gjeve løyve til å byggje ei kombinert kvile- og sikringsbu ved enden av turløypa, nær breen. Denne skal gje ly for turistane og samstundes tene som ein sikker stad til å lagre klatreutstyr, fyrstehjelpsutstyr og anna sikringsutstyr. Slik aktivitetsnivået er i dag, er det òg trong for å utvide hytta på Buerstølen.

Eit anna tiltak for å førebyggje ulykker og å betre beredskapen i området er å byggje ei kombinert sikrings- og kvilebu nær brekanten. Det er òg aktuelt med tiltak for å leggje turstigar i god avstand frå farlege punkt, som høge fjellskrentar og strie elveparti. Sikringsarbeidet omfattar òg å rydde stigar, reparere og halde vedlike bruer og klopper.

Proviant, propan, ved og anna utstyr har vore køyrt inn til Buerstølen med skuter frå Espeland og gjennom nasjonalparken over Sauanuten.

For reiselivet er det i fyrste rekkje føresegna som gjeld ferdsel (pkt. 4 i vernereglane) som vil ha innverknad på moglege aktivitetar. Organisert turverksemd til fots er det ikkje forbod mot så lenge dette føregår på ein slik måte og av eit slikt omfang at naturmiljøet ikkje vert skadelidande. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve av forvaltingsstyresmakta.

Forvaltingsstyresmakta må i tida fram til fyrste rullering av forvaltingsplanen følgje med på utviklinga, og den erfaringa ein haustar i denne perioden, skal gje grunnlag for å utarbeide nærmare retningsliner for organisert turverksemd.

Kva som vil vere tillate av tilrettelegging og informasjon vil òg kunne verke inn på kva tilbod reiselivet kan gje. Forbodet mot motorferdsel set visse grenser for kva aktivitetar det vil vere mogleg å tilby i framtida.



*Stien til buerbreen kan vere vanskeleg. Foto: Statens naturoppsyn*

## *Mål*

Å leggje til rette for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt. Aktivitetar og tilrettelegging må ikkje vere i strid med verneføremåla eller skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.

***Retningsliner***

I verneområde er det ofte nær samanheng mellom friluftsliv og reiseliv. Retningsliner gjevne under friluftsliv vil difor òg gjelde for reiseliv og turisme. I tillegg gjeld desse retningslinene:

- Reiselivstiltak som medfører fysiske inngrep i naturen skal primært leggjast utanfor verneområdet.
- I utgangpunktet er det forbode å setje opp nye bygningar. Når ein handsamar søknader om å byggje om eller utvide eksisterande bygningar, skal det førast ein restriktiv praksis. Bygningar som er skadde ved brann eller naturskade kan ein få setje opp att etter løyve, jf. 1.3 a og b.

***Oppfølgjande tiltak***

- Informere besøkjande om å ta omsyn til landbruksdrifta i området (beitedyr, bandtvang, grinder som skal latast att osb.).
- Informere besøkjande i området om landbruksdrifta og motorferdsel som kan førekome i samband med dette.
- Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.
- Påtrykk for utbetring/sikring av vegen utanfor verneområdet og arbeide for å få til gode parkeringstilhøve som er skjerma mot landbruksarealet.
- Få til ei løysing på problema med dei sanitære tilhøva for turistane som besøkjer området. Dette skal gjerast i samarbeid mellom grunneigar, kommunen og forvaltingsstyresmakta.

### Drift av tekniske anlegg

Odda Energi har ansvaret for å levere straum og for å halde vedlike kraftlina opp til Buer. Vegen og noko areal langs denne er halde utanfor landskapsvernområdet, men flaumen hausten 2005 førte til at to stolpar måtte flyttast til sørsida av elva, slik at desse i dag står så vidt innanfor vernegrensa. Dette kan medføre noko aktivitet i verneområdet.

Motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg og vassforsyningsanlegg krev ikkje særskilt løyve etter vernereglane, jf. pkt. 5.2 d.

Blåvatnet i Tokheimsvassdraget er regulert for å levere prosessvatn til Boliden Odda AS. Anlegga, som består av demning med inntak, tappetunnel, pumpestasjon, kablar og ei hytte, ligg som ei "øy" inne i Buer landskapsvernområde. Vedlikehald og drift av desse anlegga er difor ikkje direkte omfatta av vernereglane for landskapsvernområdet, med unntak av ein kabelleidning frå Blåvatn gjennom Støladalen til Tokheim.

Vedlikehald og drift av installasjonane ved Blåvatn vil krevje tilgang med helikopter 1-2 gonger i året. Dette vil måtte skje via landskapsvernområdet, men reglane om motorferdsel skal ikkje vere til hinder for nødvendig drift og tiltak ved desse anlegga, jf. pkt. 5.2 d i vernereglane.
I Støladalen kan ras føre til at elvelaupet vert stengt. Tidlegare har dette vorte opna ved å bruke store vassmengder. Ein sjeldan gong kan slike ras føre til at tilførsel av kjølevatn stoppar opp, og det kan verte nødvendig å bryte opp massane ved hjelp av tiltak i Støladalen. Her kan det verte aktuelt å nytte § 48 i naturmangfaldlova.

***Retningsliner***

- All motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg og anlegg for vassforsyning skal haldast på så lågt nivå som mogleg. Når det ligg til rette for det, skal mest mogleg av den motoriserte ferdsla samordnast med andre brukarar i området.
- Dersom skred i Støladalen stoppar tilførsel av produksjonsvatn til industrien i Odda, har Boliden Odda AS løyve til å gjere nødvendige tiltak for å sikre vasstilførsel. Motorferdsel og annan aktivitet skal meldast til forvaltingssyresmakta før tiltak vert sett i verk, eller så raskt som mogleg etter hendinga.

### Generelt om motorferdsel

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken.

I praksis vil dette seie at ein i landskapsvernområda i fleire tilfelle kan nytte motorisert køyretøy utan å søkje om løyve. Slike tilfelle er lista opp i punkt 5.2 i vernereglane. Bruken skal vere *nødvendig* og gjeld for

køyretøy på hjul eller belte (t.d. ATV), jf. lov om motorferdsel. For bruk av fly eller helikopter må det alltid søkjast om løyve.

Retningsliner for bruk av motorkøyretøy er elles gjevne under dei tematiske avsnitta.

***Om søknader og løyve***

Søknaden skal vere skriftleg og skal oversendast i god tid før planlagd transport, slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame søknaden. Søkjaren må leggje ved kart som syner ynskt trasé eller lokalitet for transporten eller løyvet.

Søknad om motorferdsel må handsamast både i medhald av verneføresegna og lov om motorferdsel.

Søknad om motorferdsel skal sendast til forvaltingsstyresmakta. Forvaltingsstyresmakta handsamar søknaden i medhald av verneføresegna. Forvaltingsstyresmakta sender kopi av vedtaket til den aktuelle kommunen. Kommunen må handsame søknaden etter Lov om motorferdsel.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast Direktoratet for naturforvalting, oppsynet (SNO) og den aktuelle kommunen samstundes med at vedtaket vert kunngjort til søkjaren. Søkjaren er pliktig til å innhente samtykke frå grunneigaren til køyring eller landing.

# 10. REFERANSAR

Bakke J, Dahl S. O. & Diesen M. 2000. Folgefonna nasjonalpark. Oppfølgjande utgreiing. Kvartærgeologi. Rapport frå Institutt for geografi. UiB 2000.65 s

Bøthner & Rolland 2003. Fylkesmannen i Hordaland. Landbruksavdelinga. Verneplan for Folgefonna. Konsekvensutgreiing. Konsekvensar for landbruket. 62 s.

Direktoratet for naturforvalting 1996. Forvalting av nasjonalparkar. Rapport 1996-3.

Direktoratet for naturforvalting 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999. Revidert internettutgave 2007.

Direktoratet for naturforvalting 2005. Policy og retningsliner for miljøforvaltingens samarbeid med nasjonalparksentrene. Rapport 2005-1.

Fylkesmannen i Hordaland 2003. Folgefonna nasjonalpark med tilliggjande område for landskapsvern. Konsekvensutgreiing av tiltaket. Verneframlegg. Høyringsutg. august 2003. 91 s.

Fylkesmannen i Hordaland 2005. Verneforskrifter og grenser vedtekne i kgl. res. 29.april 2005.

Hordaland fylkeskommune 2000. Kulturseksjonen Regional Utvikling. Kulturhistoriske registreringar. A/S Tyssefaldene. Kraftutbygging i Eitrheims- og Tokheimsvassdraga. 20 s.

Hordaland fylkeskommune 2002a. Kulturhistoriske registreringar. Avdeling for Regional utvikling Kulturseksjonen. Registreringar i samband med Verneplan for Folgefonna. Rapport 29-2002. 30 s.

Hordaland fylkeskommune 2002b. Kulturlandskapssenteret. Verneplan for Folgefonna. Konsekvensutgreiing. Tema reiseliv/turisme. 53 s.

Naterstad J. 2003. Dokumentasjon og synleggjering av berggrunnsgeologien og det geologiske mangfaldet på Folgefonnhalvøya og innafor planområdet for verneplanen. Rapport frå Rosendalsstiftinga, juni 2003. 30 s.

Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap - Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS rapporter 10/05: 204 s.

# 11. VEDLEGG

**Vedlegg 1:**
**Retningsliner for merking og stikking av stigar og løyper**

*Utdrag frå "Merkehåndboka" utgitt av DNT, Forbundet KYSTEN, Friluftsrådenes Landsforbund.*

Rydding, merking, skilting og anna tilrettelegging er miljøinngrep og skal utførast så omsynsfullt og diskret som mogleg.

***Sommarruter***
Stigar bør ryddast slik at dei ikkje gror att på to-tre år. Kvisting skal skje med greinsaks eller fintanna sag. Buskar skal klippast ved rota.

<u>Merking</u>
Det skal ikkje merkjast på fjell eller stor stein. Dette fordi merkinga lett skal kunne fjernast dersom ruta vert lagt om eller lagt ned. Det må ikkje målast på gamle murar, steinbruer, andre sine grensevardar og liknande. Stigen skal kunne følgjast i begge retningar, og det bør merkjast i begge gangretningar. Det bør merkjast så tett at ein kan sjå frå eitt merke til eit anna. Dette trengst ikkje der stigen er tydeleg og ingen andre stigar kryssar. Unngå overmerking! Der det vert merkt på stein, må mose og lav fjernast.

<u>Merking i fjellet</u>
I fjellområde vert det brukt merking med raud farge. Det skal brukast utandørs olje/alkydmåling, låveraud. Turistforeiningane merkjer til vanleg ruter i fjellet med raud T. Andre som merkjer bør bruke dei merketypane som vert nytta i skog, men med raud farge.

<u>Varding</u>
Vardar vert brukte i berglendt terreng der det ikkje er tre. Av omsyn til uerfarne turgåarar skal det vardast også der det ikkje er tvil om kvar ruta går, t.d. i eit markert dalføre. Vardinga må vere så tydeleg at ruta kan følgjast sjølv utan stig og ved dårleg sikt. Vardinga skal kunne følgjast lett i begge retningar. I tillegg til vanlege vardar bør det brukast store siktvardar oppe på rygger i landskapet, som kan sjåast på lang avstand. Der ruta går over snøfonner eller stader der snøen ligg lenge, skal det byggjast store vardar på kvar side av fonna. Ofte vil det vere nyttig med siktesteinar som viser retninga over fonna.

I område med beitedyr må ein vere særleg nøye med at vardane står støtt, og velje ein vardetype som sikrar dette. Der det er mogleg, bør vardane plasserast på større steinar der beitedyra ikkje kjem til.

Det må aldri takast stein frå fornminne (gravrøyser, bogestelle, leiegjerde, dyregraver og liknande) eller gamle murar, steingjerde, steinbruer, grensesteinar, grensemerke, mm.

Vardetypar som kan brukast er trepunktsvarde, kilevarde/"bauta", rullesteinsvarde, "røys", visningsvarde med siktestein, sjå *Merkehåndboka* for nærmare skildring.

Skilting
Vegvisarskilt skal lagast i tre, med logoen til aktuell organisasjon eller kommune, med tekst tydeleg frest inn på framsida. Vegvisarskilt skal setjast opp alle stader der ei rute eller ein stig startar og der ei rute kryssar ei anna. Skilta skal monterast på stolpar av rundstokk, diameter 10 cm eller 3"x3" stender i bestandig tremateriale. Det må leggjast vekt på at stolpane ikkje vert for høge og dominerande i terrenget, ca 2 m over bakken vil være nok.

## *Vinterruter – fjell*

Kvisting
Til å merkje vinterruter bruker ein kvisting. Dette er særleg viktig før dei store utfartsperiodane i vinter- og påskeferien.

Ein bruker kvist av lauvtrevyrke i lengde 1,5 - 2,5 m. I kupert terreng må det brukast lang kvist for å unngå nedføyking. Kvisten bør hoggast sommaren før han skal brukast, slik at han er tørr og lett utan å vere sprø. Han skal ikkje vere ein enkelt stokk, men må ha nokre forgreiningar i toppen. Han må heller ikkje vere så mjuk at han legg seg ned ved snødrev.

Kvisting skjer som regel frå snøskuter. Når løypa vert lagd, må den som kvistar ta omsyn til at det er skiløparar som skal bruke løypa. Avstanden mellom kvistane må ikkje vere meir enn ca 30 m i svingar, og nær skavlar må han vere mindre. Der løypa går mellom hytter over tregrensa, må kvistinga gå frå dør til dør. I tillegg til kvistinga bør det skiltast der kvistinga startar og i alle stigdele/løypekryss. Skilta bør festast på stakar.

**Vedlegg 2.**
**Kart over turstiar**



**Vedlegg 3.**
**Fleirbruksplan skogsdrift i Ænesdalen landskapsvernområde**



**Vedlegg 4.**
**Kart over INON område**



# Vedlegg 5
# Verneforskrift Folgefonna nasjonalpark

**Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, Etne, Kvinnherad, Odda og Jondal kommunar og Ullensvang herad, Hordaland.**

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 3, jf. § 4 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1.** *Avgrensing*

Nasjonalparken gjeld følgjande statsallmenningar:

Etne kommune: 151/1

Kvinnherad kommune: 285/1

Jondal kommune: 38/1

Odda kommune: 51/5

Ullensvang herad: 156/1

Nasjonalparken gjeld følgjande gnr./bnr.:

*Etne kommune:* 98/1, 98/2, 99/1, 99/3, 100/1, 101/1, 101/2, 101/5, 101/6, 101/7, 101/8, 102/1, 102/2, 102/3, 103/1, 104/1, 104/64.

*Kvinnherad kommune:* 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 57/1, 57/2, 57/4, 57/5, 58/1, 58/2, 59/1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 60/1, 60/2, 60/3, 60/4, 60/5, 60/6, 61/1, 62/1, 62/2, 63/1, 63/2, 63/6, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/13, 64/14, 64/16, 66/1, 66/3, 68/1, 69/1, 71/1, 71/2, 71/9, 72/1, 72/2, 73/1, 73/2, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 77/1, 77/2, 78/1, 78/2, 78/3, 84/1, 84/2, 84/3, 85/1, 85/2, 85/3, 85/7, 85/4, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/12, 85/13, 85/14, 85/15, 85/16, 85/17, 85/18, 85/19, 85/20, 85/21, 85/28, 85/30, 86/1, 86/2, 86/4, 86/5, 87/1, 87/2, 87/3, 87/4, 87/7, 87/11, 87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/21, 89/1, 89/2, 89/3, 89/4, 89/16, 90/1, 90/2, 90/3, 90/4, 90/5, 90/7, 90/8, 90/9, 90/11, 90/12, 90/13, 90/14, 90/15, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/10, 91/12, 92/1, 92/2, 92/3, 92/4, 92/5, 92/6, 93/1, 93/2, 93/3, 93/4, 93/5, 93/6, 93/7, 93/8, 93/9, 93/13, 93/14, 93/16, 94/1, 94/2, 94/3, 94/4, 94/5, 94/8, 94/6, 94/7, 94/9, 104/2, 251/2.

*Odda kommune:* 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/3, 45/1, 46/1, 47/1, 47/2, 48/3, 48/4, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/6, 50/1, 50/2, 50/3, 51/1, 51/2, 51/3, 51/4, 51/5, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/6, 52/7, 52/8, 53/1, 53/2, 60/2, 60/6, 61/11, 62/1, 63/1, 63/2, 63/3, 63/4, 63/5, 64/2, 64/3, 64/5, 64/60, 64/294, 65/1, 65/2, 65/4, 66/1, 66/2, 66/3, 67/1, 68/1, 68/2, 68/3, 69/1, 69/2, 70/1, 70/2.

*Ullensvang herad:* 47/1, 47/2, 47/3, 47/4, 47/5, 47/6, 47/8, 48/1, 49/1, 50/1, 50/2, 50/3, 50/4, 51/1, 51/3, 51/4, 51/6, 51/7, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5, 54/6, 54/7, 54/8, 54/9, 56/1, 56/2, 56/3.

Det samla arealet er om lag 545,2 $km^2$ . Grensene for nasjonalparken går fram av kart i målestokk 1:120.000, datert Miljøverndepartementet april 2005. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Kartet og verneforskrifta finst i kommunane, hos Fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

**§ 2.** *Formål*

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekomstar
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

**§ 3.** *Vernereglar*

1. *Landskapet*

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving, utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

b)

1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve etter punkt 6.3.i).
2. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
3. Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.

c) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking og skilt i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av bygningar.

b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.

c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

d) Oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskriftene og oppsyn i medhald av anna lov.

e) Bygging av bruer og klopper.

f) Merking og rydding av nye stiar og løyper.

g) Oppsetting av skilt og vegvisarar i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5.

h) Oppsetting av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.

i) Oppattbygging og restaurering av stølshus i Håedal i Ullensvang herad for å gjenskape gammalt stølsmiljø.

j) Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b).

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av vegetasjon

Vegetasjonen, også daude tre og buskar, skal vernast mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsel og tradisjonell beiting i utmark.

Såing, treslagskifte og planting er ikkje tillate.

2.2 Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

a) Bruk av området til beite.

b) Skånsam bruk av trevirke til bålbrenning.

c) Plukking av bær og matsopp.

d) Plukking av vanlege plantar og friske kvistar til eigen bruk.

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til hogst av ved i nasjonalparken til eigen bruk.

2.4 Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beite som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vern av dyrelivet

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar er freda mot skade og unødig uroing. Utsetjing av dyr på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag er ikkje lov utan særskilt løyve.

3.2 Reglane i punkt 3.1 er ikkje til hinder for:

a) Jakt etter viltlova.

b) Fiske etter lakse- og innlandsfisklova.

3.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Kalking av vatn og elvar for å hindre at ein art døyr ut. Forvaltningsplanen, jf. § 5, kan fastsetje referanseområde der kalking er forbode.

b) Tiltak for å fremje fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot formålet med vernet.

4. *Kulturminne*

4.1 Kulturminne skal sikrast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. *Ferdsel*

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 5.

5.3 Sykling og bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 5.

5.4 Regulering av ferdsel

Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby all ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller kreve fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. *Motorferdsel*

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

a) Nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Øvingskøyring til formål nemnt i punkt 6.2.a.

b) Motorferdsel i samband med husdyrhald.

c) Motorferdsel i samband med hogst av ved til eigen bruk etter punkt 2.3.

d) Motorferdsel i samband med merking og rydding av nye stiar og løyper etter punkt 1.3.f.

e) Motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

g) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.

h) Bruk av påhengsmotor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet.

i) Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, jf. § 3 punkt 1.2.b. nr. 1 og 3.

7. *Ureining*

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Støy

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

**§ 4.** *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med verneformålet.

**§ 5.** *Forvaltningsplan*

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Direktoratet for naturforvaltning skal godkjenne forvaltningsplanen.

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

**§ 6.** *Forvaltningsmynde*

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

**§ 7.** *Rådgivande utval*

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltning av nasjonalparken.

**§ 8.** *Iverksetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

---

# Vedlegg 6
# Verneforskrift Bondhusdalen landskapsvernområde

**Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland.**

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 5, jf. § 6, og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1.** *Avgrensing*

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr. i Kvinnherad kommune:

59/1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 59/13, 59/53, 59/54, 59/55, 59/56, 59/9, 60/1, 60/2, 60/3, 60/4, 60/5, 60/6.

Det samla arealet er på om lag 14,0 $km^2$ . Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:25.000, datert Miljøverndepartementet april 2005.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hos Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

**§ 2.** *Formål*

Formålet med Bondhusdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

**§ 3.** *Vernereglar*

1. *Landskapet*

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, Oppsetting av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

b)

1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.
2. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
3. Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.

c) Vedlikehald av veg i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

e) Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.

f) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.

c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.

d) Oppføring av nye bygningar som er nødvendige i samband med jordbruk. skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

e) Rydding av nytt innmarksbeite.

f) Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.

g) Merking og opparbeiding av turstiar.

h) Tiltak for å hindre skorfeste.

i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

j) Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b.

k) Framføring av nye kraftleidningar.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

a) Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.

b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

3.2 Jakt og fiske

Jakt er tillate etter viltlova.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

4. *Ferdsel*

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

4.3 Bruk av sykkel og hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjend for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 7.

4.4 Regulering av ferdsel

Innafor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i pkt. 5.1 gjeld ikkje:

a) Nødvendig gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.

c) Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.

d) Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Øvingskjøring til formål nemnt i punkt 5.2.a.

b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

c) Nødvendig motorferdsel i samband med oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner, jf. § 3 punkt 1.2.b.3.

**§ 4.** *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneformålet.

**§ 5.** *Forvaltningsplan*

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 6.** *Forvaltningsmynde*

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

**§ 7.** *Rådgivande utval*

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

**§ 8.** *Iverksetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

---

# Vedlegg 7
# Verneforskrift Ænesdalen landskapsvernområde

**Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland.**

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1.** *Avgrensing*

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr. i Kvinnherad kommune:

64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/13, 64/14, 64/16.

Det samla arealet er på om lag 3,4 $km^2$ . Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:25.000, datert Miljøverndepartementet april 2005. Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hos Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

**§ 2.** *Formål*

Formålet med Ænesdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

**§ 3.** *VerneregIar*

1. *Landskapet*

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, Oppsetting av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar og andre innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c) Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.

d) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
d) Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.
e) Rydding av nytt innmarksbeite.
f) Bygging av bruer og klopper i samband med beitebruk og friluftsliv.
g) Merking og opparbeiding av turstiar.
h) Tiltak for å hindre skorfeste.
i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

a) Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.
b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.
c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

3.2 Jakt og fiske

Jakt er tillate etter viltlova.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

4. *Ferdsel*

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

4.3 Bruk av sykkel og hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjend for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 7.

4.4 Regulering av ferdsel

Innafor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsopp-

gaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a) Nødvendig motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.

c) Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.

e) Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Øvingskjøring til formål nemnt i punkt 5.2.a.

b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

**§ 4.** *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneformålet.

**§ 5.** *Forvaltningsplan*

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 6.** *Forvaltningsmynde*

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

**§ 7.** *Rådgivande utval*

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

**§ 8.** *Iverksetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

---

# Vedlegg 8
# Verneforskrift Hattebergsdalen landskapsvernområde

**Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune, Hordaland.**

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1.** *Avgrensing*

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr. i Kvinnherad kommune: 87/1, 87/2, 87/3, 87/4, 87/7, 87/11, 87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/21, 87/57, 88/1, 89/1, 89/2, 89/3, 89/4, 89/16, 90/1, 90/2, 90/3, 92/3, 90/4, 90/5, 90/7, 90/8, 90/9, 90/11, 90/12, 90/13.

Det samla arealet er på om lag 15,4 $km^2$ . Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:25.000, datert Miljøverndepartementet april 2005. Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hos Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

**§ 2.** *Formål*

Formålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

**§ 3.** *Verneregler*

1. *Landskapet*

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, Oppsetting av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

b)

1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.
2. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
3. Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.

c) Vedlikehald av veg i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7 og mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er nødvendig for slikt vedlikehald.

d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

e) Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.

f) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.

c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.

d) Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

e) Rydding av nytt innmarksbeite.

f) Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.

g) Merking og opparbeiding av turstiar.

h) Tiltak for å hindre skorfeste.

i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

j) Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b.

k) Framføring av nye kraftleidningar.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

a) Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.

b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

3.2 Jakt og fiske

Jakt er tillate etter viltlova.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

4. *Ferdsel*

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

4.3 Bruk av sykkel og hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjend for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 7.

4.4 Regulering av ferdsel

Innafor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land utanom vegane, vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a) Nødvendig motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.

c) Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.

d) Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Øvingskjøring til formål nemnt i punkt 5.2.a.

b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

c) Nødvendig motorferdsel i samband med oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner, jf. § 3 punkt 1.2.b.3.

5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltningsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7, dersom dette er nødvendig for å sikre verneformålet.

**§ 4.** *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneformålet.

**§ 5.** *Forvaltningsplan*

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 6.** *Forvaltningsmynde*

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

**§ 7.** *Rådgivande utval*

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

**§ 8.** *Iverksetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

---

# Vedlegg 9
# Verneforskrift Buer landskapsvernområde

**Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde, Odda kommune, Hordaland.**

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1.** *Avgrensing*

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr. i Odda kommune:

50/1, 50/2, 50/3, 51/1, 51/2, 51/3, 51/ 4, 51/5, 52/1, 52/2, 52/ 3, 52/4, 52/5, 52/6, 52/7, 52/8, 53/1, 53/2, 63/1, 63/2, 63/3, 63/4, 63/5.

Det samla arealet er på om lag 21,3 $km^2$ . Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:30.000, datert Miljøverndepartementet april 2005. Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Kartet og verneforskrifta finst i Odda kommune, hos Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

**§ 2.** *Formål*

Formålet med Buer landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet

- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

**§ 3.** *Vernereglar*

1. *Landskapet*

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar og andre innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal vere i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c) Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.

d) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.

c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.

d) Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.

e) Rydding av nytt innmarksbeite.

f) Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.

g) Merking og opparbeiding av turstiar.

h) Tiltak for å hindre skorfeste.

i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Ombygging, utviding og nybygg skal vere i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

a) Hogst av ved til eigen bruk.

b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter viltlova.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

4. *Ferdsel*

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

4.3 Regulering av ferdsel

Innafor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.4 Bruk av sykkel og hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjend for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 7.

4.5 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, i vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a) Nødvendig motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.
b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.
c) Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.
d) Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg og vassforsyningsanlegg.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Øvingskjøring til formål nemnt i punkt 6.2.a.
b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

**§ 4.** *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneformålet.

**§ 5.** *Forvaltningsplan*

Forvaltningsstyresmakta kan setje i gang verk for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 6.** *Forvaltningsmynde*

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter verneforskrifta.

**§ 7.** *Rådgivande utval*

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

**§ 8.** *Iverksetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.